

Å vere internasjonalt medfører ikkje at ein skal gje slepp på det særeigne ved språket og kulturen vår.

Les Ellen Margrete Grong på kommentarlass s. 2

NR 1 • 2013 • ÅRGANG 12 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

## Norskundervisning på nynorsk

Framleis får innvandrere i mange nynorsk kommunar norskundervisning på bokmål. Det vil Vox gjere noko med.

s. 5

## Lettlest avis

Vox og Lettlest Media gjev ut lettlestavisa *Klart og kort* på nynorsk.

s. 7

## Samtalen

Møt Ottar Grepstad og Gudrun Kløve Juuhl i ein samtale om språklege utfordringar og gleder.

s. 8–10

## Språkstatus



(Foto: Ilja C. Hendel)

Temaet for landstinget til LNK i april er nynorsk i Språkåret 2013. No håpar ein å få kulturminister Hadia Tajik med i programmet.

• Sjå s.15

## Jubilant



(Foto: Gunnar Bangsmoen)

Nina Refseth lar seg provosere av at journalistar ikkje får lov til å skrive nynorsk i riksmidia. No ser ho fram til å feire hundreårsdagen til Det Norske Teatret.

• Sjå s.12 -13

## Teater


Kunst og kultur, som sjeldan skaper overskot, må versågod finne seg i å representere dei mjuke verdiane

Les Terje Lyngstad s. 21

## Språkåret

Det perfekte språket finst ikkje. Det er språkleg mangfald som finst.

Les Arnfinn Muruvik Vonen s. 6



(Foto: Setesdal; Noreg tett på, Anders Martinsen Fotografier)

# Midt i sentrum

Familiebedrifta Hasla har verkstaden sin i Valle og butikk i Oslo. Møt ordfører Tarald Myrum i Valle, som slår fast at kommunen ligg i hjartet av Setesdal, og som no håpar ein skal greie å snu folketalsnedgangen. Valle er dessutan ein

av kommunane som no tilbyr norskopplæring for innvandrere på nynorsk.

S. 18–20



LEIAR

## Nøkkelen til integrering

Norskundervisning for innvandrere er i vinden. Ferske tal viser at mange innvandrere som bur i nynorsk kommunar, framleis får undervisning på bokmål. Medan nokre argumenter med at innvandrarane likevel kjem til å flytte på seg og difor treng bokmålsundervisning, meiner andre det er enklare for innvandrarane å lære seg bokmål framfor nynorsk.

**SPRÅK ER OG** blir ein av dei viktigaste faktorane i integreringsprosessen. Kan du språket, er det lettare å gå på butikken og handle, det er lettare å få jobb, og det er lettare å forstå kva læreren seier på foreldremøtet. Språket er nøkkelen til å bli ein del av eit lokalsamfunn – noko som igjen kanskje sikrar at innvandrarane ikkje flyttar, men buset seg i den kommunen der dei lærte norsk.

Det er heilt korrekt at mengda undervisningsmaterieell på nynorsk for denne gruppa er mindre enn det som er tilgjengeleg på bokmål. Men nynorskmaterieell finst, mange kommunar vel å undervise på nynorsk og lettar med det integreringa for innvandrarane.

**AVISA KLART OG KORT** er ei kortutgåve av Klar tale på nynorsk og eit nyttig verktyg i norskundervisninga. Redaktør i Klar tale, Kristin Steine Bratlie, meiner bestemt at nyhende er aktualisert skulematerieell som gjev læringsglede. Det er nok mykje rett i det.

Me konkluderer med at det er viktig for innvandrarane i nynorskkommunane å lære nynorsk, og at god språkoppføring er god integrering.

# Ja takk, begge delar

**N**orske akademikarar skal bli meir internasjonale. Er det til fare for det norske språket? Dersom ein les strategiske dokument og planar frå dei norske universiteta, ser ein tydeleg at det er eit mål innan akademia å hevde seg i størst mogleg grad på den internasjonale forskingsarenaen.

Vi skal rekruttere og tiltrekke oss forskarar og studentar frå heile verda. For å gjere det meiner mange at vi må få fleire og betre nettsider på engelsk. Dei tilsette må kursast i engelsk, for forskarane må kunne kommunisere godt med utanlandske kollegaer og studentar. Jamvel administrasjonen skal perfektionere engelsken sin for å yte best mogleg service til dei som kjem til oss. Engelsk er blitt lingua franca, og nokre kallar det til og med «den nye nynorsken». Blir det norske språket utvatna? Vil det forsvinne i akademia?

«Samfunnsoppdraget krev fleirspråkleg kvardags-, så vår rektor Grønmo på haustseminaret til Mållaget i 2010. Med det opna han opp for at det eine ikkje hindrar det andre. Ja, takk, begge delar! Han meiner at framtida for norsk er lysare enn vi trur.

**V**ed Universitetet i Bergen er det vedteke av styret at vi skal ha ein parallellspråkleg praksis som språkpoltikk. Vi skal vere like gode i framande språk som i norsk. Men undervisningsspråket og administrasjonsspråket skal i hovudsak vere norsk.

Det er også slik at norske universitet og høgskular har eit lovfesta ansvar for å vidareutvikle og vedlikehalde norsk fagspråk. Som kulturberande institusjon skal vi ta vare på det norske språket. Som statsorgan skal vi følgje målløva.

Men er det lettare sagt enn gjort? Vert det publisert nok artiklar på norsk? Snaokar vi norsk med den utanlandske kollegaen som kom i vår, eller går det på engelsk? Nyttar vi norsk eller engelsk i møte når ein eller fleire møtedeltakarar er utanlandske? Og kva gjer vi med nynorsken oppi alt dette?

Samfunnsoppdraget er vidt, og krava er mange. Og er det verkeleg språkpolitiske vedtak, planar, strategiar, lover og retningslinjer som inspirerer oss til å bli gode språkbrukarar?

Neppe. Men dei kan hjelpe oss til å setje oss mål og gjere eit grunnlag for sette i gong tiltak. Dei er eigna til å gjere oss medvite om at det er lurt å drive aktiv språkrøkt på eigen arbeidsplass, anten det gjeld undervisning eller administrasjon.

**U**niversitetet i Bergen har difor oppretta eit språkprosjekt for å møte nokre av dei språklege utfordringane vi har i kvardagen vår. Det er ikkje det at vi er dårlege i språk, men vi



**Ellen Margrete Grong**  
rådgjevar  
Personal- og organisasjonsavdelinga  
Universitetet i Bergen

KRONIKK

kan alle bli betre. Det dreier seg mellom anna om å utvikle gode kurstilbod i både norsk og engelsk for alle tilsette. No kan til dømes utanlandske tilsette få innføringskurs i nynorsk om dei vil. Ved å arrangere opne språkseminar kan vi diskutere korleis vi skal praktisere språkpolitikken vår i undervisninga og i administrativt arbeid. Vi ser også på nettsider, skjema og malar. Korleis skal vi uttrykke oss best mogleg der?

**G**ode språkambassadørar er kan hende like viktige. At leiinga set fokus på godt språk er ein ting, men inspirerende forelesarar har også stor påverkkingskraft på språket.

For å sitere jusprofessor ved UiB, Jørn Øyrehagen Sunde: «Det går an å vere lokal og samstundes internasjonal. Ver internasjonal, skriv nynorsk!» Han fekk juristmållaget sin pris for å vere ein føregangsmann i faget sitt, og nynorsken står sterkt innanfor omgrepsskemaet han har vore med på å utvikle. Gjennom forelesningane ved Universitetet i Bergen er han dessutan ei levande inspirasjonskjelde for studentar som ønskjer å skrive nynorsk.

Å vere internasjonal medfører ikkje at ein skal gjere slepp på det særsegne ved språket og kulturen vår. Det vil vel heller seie at vi skal dele det med andre?

*Engelsk er blitt lingua franca, og nokre kallar det til og med «den nye nynorsken». Blir det norske språket utvatna? Vil det forsvinne i akademia?*

# Har bygd opp ja-kommunen

**Årets kommune-profil, Helge André Njåstad, trur nøkkelen til vekst ligg i å bli ein ja-kommune.**

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det er Kommunal Rapport som kårar Årets kommune-profil. Kriteria for kåringa er at ein har snudd ei negativ utvikling eller takla ein vanskeleg situasjon på ein god måte. Njåstad har snudd ein negativ trend i kommuneøkonomien til Austevoll.

– Korleis er det å vinne?

Det er alltid hyggeleg å bli lagt merke til, men eg tykkjer dette først og fremst er ein pris til Austevoll for den snuoperasjonen som har skjedd i kommunen gjennom eit breitt samarbeid for å nå måla.

### VENDEPUNKTET

Njåstad viser til året 1999 og Rattsutvalet si fordeling av selskapskatten, der skatten først skulle innom.

Finansdepartementet for han vart fordelt ut att til lokalsamfunna, som vendepunktet for økonomien i Austevoll. Kombinert med høg arbeidsgjevaravgift og store investeringar vart minstala i kommunen høge.

– Det enda med at kommunen vart driven med underskot i åra 1999 til 2004, med til saman 45 millionar kroner. Dette oppsamla underskotet var då på 25 prosent av driftsinntektene. Ikkje rart at kommunen fekk omdømme som kommunen med rike innbyggjarar og luftfattig kommunekasse, seier ordføraren.

Då Kvinnherad-ordfører Aksel Kloster la inn bud for å kjøpe Austevoll kommune, var botnen nådd, og det vart teke grep for å snu økonomien. Eit konsulentfirma vart henta inn, og saman med tilsette og tillitsvalde vart det sett på kor ein kunne setje inn sparekniven. Til slutt vedtok kommunestyret å spare 14 millionar kroner i året, og i 2005 viste kommunerekneskapsplanen for første gong på mange år eit lite overskot.

### TRENG FRAMSNAKKING

– Det var forståing for at det måtte gjerast strukturgrep. Tre bibliotek vart til eitt, tjukeheimar vart samla til ein, barnehagane vart privatiserte fordi dei kommunale som me hadde, var dyre i drift, og dermed var



**VENDEPUNKT:** Austevollordfører, Helge André Njåstad, bar snudd økonomien i kommunen. (Foto: Austevoll kommune)

### AUSTEVOLL KOMMUNE

Øykommune i Hordaland med 667 øyar, holmar og skjer.

Det bur 4777 innbyggjarar i kommunen.

Dei største næringane er fiskeri, havbruk, offshore og reiseliv.

I tillegg blir det satsa meir og meir på reiseliv, med Bekkjærвик Gjestgiveri og europameister i kokkekunst Ørjan Johannessen i spissen.

Ordfører og vinnar av Årets kommune-profil: Helge André Njåstad (FrP).

det meir økonomisk lønnsamt å erstatte dei med private.

I tillegg jobba kommunen medvite med omdømme og kommunikasjon.

– Det var viktig for å skape optimismen som smittar, og for å vise at kommunen ikkje berre er den fattige kommunen som kuttar i tenestene. Det medverkar ikkje til å rekruttere dei beste medarbeidarane og få nye innbyggjarar. Då må me framsnakke eigen kommune og eigen organisasjon.

No er situasjonen ein heilt annan, og kommunen har ikkje minst kome seg ut av Robeklista over kommunar med svak økonomi.

### MÅ BYGGE SEG OPP

– Me har først og fremst redusert utgiftene gjennom kutt i tenestene, for å setje tæring etter næring ut i praksis. I tillegg har me hatt

auka inntekter via auka tilflytting dei siste tre åra.

FrP har no også fått gjennomslag for å fjerne eigedomsskatten og heller setje ut ein del tenester på anbud.

– Kva er Austevoll sine utfordringar framover?

– Å halde seg vekke frå Robeklista og framleis gå med overskot i drifta. I tillegg må me bygge opp fond for å makte svingingar i inntektene framover. Politkarane har også ei utfordring med å bygge ut skulesektoren dei neste åra for å handtere folkeveksten.

Njåstad er nynorskbrukar og har også ein periode bak seg som styremedlem i LNK. Når det kjem til nynorsken si framtid, er han optimist. Men sidemålet bør vere valfritt, slår han fast.

Eg meiner at sidemål uansett om det er bokmål eller nynorsk, må vere valfritt. Dette fordi elevane ikkje skal oppleve sidemålet

Prøv

# DAG OG TID

– den nynorske vekevisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tips oss – om ein typisk

# DAG OG TID-lesar som ikkje les Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik: TYPISK følgd av namn og adresse til personen. (Døme: TYPISK Jonas Gard Større, Riksvegen 10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar om, får tre nummer av Dag og Tid, heilt utan plikter. Du får eit Flax-lodd som takk for hjelpa.



**Redaksjon:**  
Toyni Tobekk  
Gudrun Klæve Juuhl

**Faste spaltistar:**  
Jan Olav Frelund  
Vidar Høviskeland  
Terje Lyngstad

**Redaktør:**  
Judith Sørhus Littlehamar  
judith@norsk-plan.no

**Korrekturelesar:**  
Dag Gjerd

**Adresse til redaksjonen:**  
LNK-Avisa  
Sandsvegen 134  
4230 SAND

**Telefon** 52 79 04 80  
**Telefaks** 52 79 04 81  
**E-postadresse:** bladstova@lnk.no

**Montering:**  
Norsk Plan as  
Astrid Eidhammer Hjeltnelund

**Trykk:**  
Sunnhordland  
Oppslag omlag 6000  
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan lingast hjå LNK, ifl. 22 33 14 00, LNK-Avisa, ifl. 52 79 04 80, eller bladstova@lnk.no  
Pris kr 150 per år.

**Neste utgjeving:**  
20. mars

**Annonser:**  
Nina Østebø  
annons@lnk.no

**Annonseprisar:**  
1/1 side kr 20 000,- (25x360 mm)  
1/2 side kr 11 600,- (25x175 mm eller 124 x 360 mm)  
1/4 side kr 7 400,- (128x175 mm eller 57x360 mm)  
21 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materieell.

Annonser blir å levera som pdf-fil til: astrid@norsk-plan.no

## SITATET:

– Litteraturhuset må treffe i heile breidda for å bli relevant. For det er også i dei uventa møta at dei beste ideane kan oppstå.

Kultur-og debattredaktør i Bergens Tidende, Hilde Sandvik, om det nye litteraturhuset i Bergen.

## Nynorsk pluss - litt til...



For eit par veker sidan tok NRK-programmet Språkteigen forteneftullt opp ei viktig problemstilling: Innvandrarar som får norskopplæringa si på bokmål – i nynorskområde. For nokre år sidan var dette standard, det fanst knapt ei lærebok på nynorsk for denne målgruppa. Fleire stader i landet gjekk lærarar saman om å utvikla egne «handlaga» compendium for å kunna gi tilbod om nynorskopplæring.

Situasjonen har endra seg. Gloppen opplæringscenter var tidleg ute med sitt prosjekt, Nynorsk+. Dei siste åra har VOX, eit nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, utvikla mange gode læremiddel på nynorsk. Utvalet er nok ikkje like godt som for bokmålsbrukarar, men det er godt nok til å kunna forsvara nynorskopplæring for innvandrarar. Og meir materiell kjem etter kvart: Like før jul fekk alle skular i LNK sine medlemskommunar tilbod om gratis abonnement på nynorskversjonen av Klar tale. På nynorsk heiter avisa Kort og klart.

Likevel kunne altså Språkteigen dokumentera at sju av 26 nynorskkommunar i Sogn og Fjordane framleis berre brukar bokmål i opplæringa av innvandrarar. Dei er ikkje åleine: Dette er praksis også i fleire andre nynorskkommunar.

Oppvekstatatane i nokre av desse kommunane forsvarar seg mellom anna med at fleire innvandrarar likevel reiser vidare til bokmålskommunar etter ei stund. Der som dei respektive kommunane er like lite offensive i arbeidet med å tiltrekke seg nye innbyggjarar generelt, er det ikkje merkeleg at innbyggjartalet går ned i Distrikts-Noreg.

Det er innvandrarane som held oppe folketalet i til dømes Gudbrandsdalen, fleire område i Møre og Romsdal og storparten av Sør-Trøndelag. Store delar av næringslivet vårt kunne ikkje ha eksistert og ekspandert dersom me ikkje hadde hatt denne kjærkomne arbeidskrafta.

Forskar Mariann Villa i Bygdeforskning skriv i Kommunal Rapport at dei er i ferd med å starta opp eit forskingsprosjekt som har som mål å synleggjere kor godt innvandrarane vert integrerte i det lokale kultur- og arbeidslivet, og kva rolle dei spelar for den økonomiske vitaliteten i bygdene. Prosjektet skal òg få fram korleis innvandring utfordrar og gjer det bygdenorske velferdssamfunnet rikare.

Impulsar utanfrå er viktige ressursar for alle samfunn. Utfordringa for kommunane vert å leggja til rette for vellukka integrering. Ein god start kan vera å la innvandrarane få opplæring i det språket dei møter i sitt eige nærmiljø.

Dei siste åra har VOX, eit nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, utvikla mange gode læremiddel på nynorsk.

### Nordisk ordbok

Nordisk miniordbok er no opna, ei gratis, nordisk nettordbok for barn og unge. Ordboka skal vere med på å auka forståinga mellom dei nordiske nabospråka.

Ordboka fungerer slik at du kan søkje opp eit ord på språket ditt og sjå kva det heiter på dei andre språka. Du finn forklaringar på orda og lydfiler kor du kan høyre på uttalen av dei.

Ordboka har om lag 3 200 oppslagsord og dekkjer på litt ulik måte norsk, svenska, dansk, finsk, færøysk, islandsk og grønlandsk. Nordsamisk vil kome til etter kvart. Det er først og fremst ord og uttrykk frå samfunnslivet, kulturen, skulevardagen, naturen og medieverda som finst i nettordboka. Ifølgje Språkrådet vil ordboka vise at språka i Skandinavia har mykje til felles.

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

LNK KORTET 2011-2013

Best Western HOTELL HORDANEHEIMEN

Best Western HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

# Vaksenopplæring på bokmål – også i nynorskkommunar

## Framleis får innvandrarar i mange nynorskkommunar norskopplæring på bokmål.


JUDITH SØRHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Norsklærarane meiner i mange høve det er best for innvandrarane å få norskundervisning på bokmål, sjølv om dei bur i ein nynorskkommune, skriv NRK Sogn og Fjordane. Sju av 26 kommunar i Sogn og Fjordane brukar berre bokmål i norskundervisninga av innvandrarar. Lærarane meiner det er for lite læreverk på nynorsk, og peikar på at fleire av innvandrarane flyttar austover.

### 14 PROSENT NYNORSK

Det er også eit gjennomgåande argument at det er for få bøker tilgjengeleg på nynorsk.

– Det er ikkje utan vidare lett å samanlikne talet på nynorsk-bøker og bokmålsbøker. Vox har



HÅPAR: Helga Arnesen håpar fleire kommunar vil nytte materiell på nynorsk i vaksenopplæringa. (Foto: Vox)

ein læremiddelbase der forlaga kan melde inn dei bøkene dei har. Om ein ser på mengda bøker i basen, er det 14 sider med bøker på bokmål og 2 sider med bøker på nynorsk, noko som tilsvarer 14,3 prosent bøker på nynorsk, seier seniorrådgjevar i Vox, Helga Arnesen, til LNK-avisa.

– Kor mykje ein vrir og vender på saka, så er både mengda og variasjonen av nynorske bøker mindre i dei ulike læremiddelpakkane.

– Kva vil Vox gjere for at fleire skal finne fram til nynorskbøkene?

– Vi kunne jo minne kommunane på at det finst læremiddel på nynorsk. Sidan opplaget er viktig for satsinga til forlaga, må lærebøkene som er omsette til nynorsk, brukast i skulen.

### BEST TENTE MED BOKMÅL

Flora er ein av kommunane som berre tilbyr undervisning på bokmål, noko mange av elevane også ynskjer.

– Eg har prøvd å lære nynorsk, men det er veldig vanskeleg. Eg prøver og prøver, men nei. Bokmål, det er betre, seier ei ung kvinne til NRK Sogn og Fjordane.

– Dei får plass i kommunar i Nord-Noreg, på Austlandet og andre plassar, og det viser seg jo at verda er slik laga at dei fleste andre kommunar har bokmål. Dermed trur vi at elevane våre er best tente med å ha bokmål som

opplæringspråk, seier lærar Kari Ann Søreide.

### VIL IKKJE DELE UT SKULD

13 kommunar i fylket har derimot norskundervisninga på nynorsk, noko Steinar Myrekkrok i Førde Norskesenter ser positivt på.

– Når dei møter det same språket på skulen som dei møter på butikken, på eit offentleg kontor eller hos naboen, så er det ikkje så naturleg at det går kjappare, og at dei lærer språket betre, seier Myrekkrok til NRK.

Helga Arnesen vil på si side ikkje dele ut skuld til nokon for at ikkje fleire nyttar nynorskbøkene.

– Val av læremiddel har alltid vore ei sak for lærarane. Det tek tid og krev mykje arbeid for lærarar å bytte lærebøker, mange har òg sterke preferansar med tanke på kva for type læreverk dei trivst med. For lærarar i nynorskkommunar kan det vere mange ulike forhold som gjer at dei ikkje vel dei lærebøkene som alt er omsette, seier Arnesen.

### LÆREMIDDEL-BASE

Inne på Vox.no kan du søkje i læremiddelbasen og finne ei oversikt over nynorskbøker som kan brukast i vaksenopplæringa.

# Vil ha valfritt sidemål

## Språkval 2013



(Foto: CF-Wesenberg@kolombaven.no)

Me utfordrar partileiarane på Stortinget på kva dei meiner blir den viktigaste språksaka fram mot stortingsvalet 2013. 1 dag: Erna Solberg (H).

## Erna Solberg vil ha valfritt sidemål, men behalde mållova.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Kva blir den viktigaste språksaka fram mot Stortingsvalet 2013?

– Det trur eg vert sidemålsundervisninga i skulen.

– Kva blir den viktigaste nynorsksaka?

– Eg trur kampen for å bevare dei norske domena for fagspråk vert sentral framover.

– Kva tenker du om framtida til sidemålet og sidemål-skarakteren?

– Høgre sitt programutval har teke til orde for valfritt skriftleg sidemål i ungdomsskulen og den vida-

regående skulen. Avgjerda vert teken på Høgre sitt landsmøte i mai. Høgre vil bygge opp under begge målformer som hovudmål i skulen og såleis sikre dei for framtida. Vi legg vekt på å framleis ha to likestilte målformer og vil halde fram med undervisning i baa.

– Kva tenker du om mållova? Bør ho bestå?

– Ja

– Kva trur du blir den viktigaste utfordringa for nynorskkommunane framover?

– Å få tak på nok kvalifiserte folk som samstundes har tilstrekkelege nynorskkunnskapar.

– Korleis påverkar språksakene eit eventuelt regjeringssamarbeid etter valet?

– Språksaka vil verte ein naturleg del av tingingane til ei ny regjering. Dette har til no ikkje vore eit problemområde



Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

PB 7044

St. Olavs plass  
0130 Oslo

www.lnk.no • facebook.com/LNKno

post@lnk.no

Dagleg leiar:

Vidar Høviskeland

Styret:

Astrid Myran Aarvik, styreleiar

Laura Seltveit

Rune Øygard

Solfrid Borge

Gunnar Strøm

Varamedlemar:

Nils R. Sandal

Hallvor Lillesett

Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fagforbundet  
Kommunalbanken

språkprat: Arnfinn Muruvik Vonen

## Det perfekte språket finst ikkje

«Tenk så praktisk det hadde vore om det berre fanst eitt språk i verda!» kan vi fabulere no og då når vi står fast i eit iherdig forsøk på å forklare noko viktig til ein person som ikkje kan nokon av dei språka vi kan. Ja, hadde ikkje det vore perfekt om vi hadde hatt det same språket alle i hop! Omsetjarar og tolkar ville mist jobben og neppe likt det noko særleg, men alle andre ville då endeleg kunne konsentrere seg om innhaldet i kommunikasjonen i staden for å uroe seg for å finne mening i dei ytringane den andre kjem med. I både offentlege og private debattar hender det at nokon seier dei gjerne hadde sett at vi hadde

opp språket sitt kan sjåast som å gje opp ein del av identiteten sin stilt framfor ei overmakt. Språkleg kommunikasjon handlar om mykje meir enn formidling av sakstilhøve. Det handlar òg om formidling og forhandling av identitetar, relasjonar og kjensler mellom menneske.

Ein reknar med at det dør eit språk i verda annakvar veke. Etterkomarane etter dei som brukte desse språka, føretrekkjer oftast å bruke fleirtalsspråket på staden. Om tilhøva ikkje er lagde til rette for å ta vare på dei små språka, kan det vere lett å forstå valet desse etterkomarane gjer. Men for kvart språk som går i grava, går noko av kulturmangfaldet i verda tapt.

Og det er slett ikkje sikkert at språkdøden bringar oss særleg nærmare drøymesituasjonen med det perfekte språket som alle kan. For å halde oss til engelsk som døme: I dag kan det diskuteras i kva grad engelsk verkeleg kan seiast å vere eitt og same språket i alle dei lokalsamfunna der det blir brukt, frå Fairbanks i Alaska til Lusaka i Zambia. Og esperanto, som sprang ut frå ein draum om god kommunikasjon mellom land og folkeslag, utviklar raskt ulike variantar dei stadene der det veks opp barn som har det som eit av morsmåla sine.

Også teiknspråka skil seg frå kvarandre. Mange blir overraska når dei får vite at det er skilnad på dei ulike teiknspråka, at svensk teiknspråk skil seg frå norsk teiknspråk og så bortetter. Det finst jamvel nokre heilt lokale teiknspråk, til dømes i landsbyen Bengkala nord på Bali i Indonesia, der døvhøyrsløse er noko meir utbreidd enn elles i verda, og der alle innbyggjarane, høyrande som døve, kan eit teiknspråk som berre blir brukt der. «Tenk så praktisk det hadde vore om det berre fanst eitt teiknspråk i verda!» er det nokon som set i når dei får vite slikt.

avskaffa språkmangfaldet i verda og klart oss med eitt språk, til dømes engelsk, som så mange allereie kan. Men er dette mogleg, og er det ønskeleg?

Ut tan motførestillingar er det sjølvstøtt ikkje. Eit motførestilling er at kvart språk har eit ordtilfang som er vel tilpassa det samfunnet språket blir brukt i. På norsk har vi til dømes ei mengd ord som er velegna til å skildre norske landskap og ikkje så lett let seg omsetje til andre språk: li, ås, rygg, kam og hei er nokre døme. Ein kunne jo tenkje seg at nokre av desse orda kunne ta vegen inn i engelsk og auke ordtilfanget der, slik ordet fjord har gjort. Men korleis ville det fungere i praksis?

Ei anna og kan hende viktigare motførestilling er at språkhistoria speglar den allmenne historia, og ikkje minst maktilhøva på ulike stader til ulike tider. Å gje



(Foto: Gorm Kallestad / Scanpix)

I høve Språkåret 2013 skriv aktuelle skribentar om språkutfordringar og -erfaringar.

I denne avisa: direktør i Språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen.

Ja, kan hende hadde det vore det. Men nett som talespråka er kvart teiknspråk særskilt velegna til å kommunisere innanfor eitt bestemt samfunn, og når eit teiknspråk blir borte, forsvinn noko av kulturmangfaldet i verda. Og nett som talespråka er teiknspråka berarar av så mykje meir enn sakstilhøve: identitet, relasjonar, kjensler ...


Det perfekte språket finst ikkje. Det er språkleg mangfald som finst. Vi bør ta inn over oss at det er slik verda er. Språkåret 2013 handlar om å gjere dette, og om å sjå verdien av at det er slik verda er.



I neste avis møter du kommentator i Stavanger Aftenblad, Tom Hetland.

MOT TIL Å MEINA,  
STYRKE TIL Å SKAPA

Hetlandsgata 11, 4340 Bryne  
www.garborg.no



OPPLEV • DELTA • UTFORSK

GARBORGSENTERET

JÆRMUSEET



## Nynorsk versjon av klar tale

Vox og Lettlest Media gjev no ut ei elektronisk avis med tekstar frå Klar tale på nynorsk. Avisa har fått namnet Klart og kort.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no



**NYNORSK AVIS:** Redaktør i Klar tale Kristin Steien Bratlie er glad for at avisa Klart og kort nå er ute. (Foto: Erlend Berge)

### SENTRAL I VAKSENOPLÆRINGA

Klart og kort er ei avis på fire sider som vil bli sendt ut på e-post kvar torsdag til skular og grupper som er interesserte. Avisa kjem ut med 40 utgåver i året, den første kom 10. januar. Det første året vil Vox fullfinansiere avisa.

– Men på sikt, viss interessa blir stor, kan det bli aktuelt å både utvide avisa og gjere ho om til ei abonnementsavis, seier senierrådgjevar i Vox, Helga Arnesen.

Ho legg vekt på at avisa blir sentral i vaksenopplæringa i nynorsk kommunane, men at ho også kan brukast i grunnskulane. I avisa vil ein finne både innanriks- og utanriksstoff, i tillegg er det variasjon mellom korte og lengre saker som gjer avisa lettare å lese.

### VARIERTE SAKER

I det første nummeret finn ein saker om surrogati, vern av kvinner i India og andre aktuelle nyhende frå både

Noreg og resten av verda. I avisa er det også mindre spalter, som til dømes Namn i nyhende og Mitt ord, der kjende personar trekker fram favorittordet sitt.

– Me har lenge prøvd å få Klar Tale inn som pensum i vaksenopplæringa, og dette vart ei god løysing på det, seier redaktør Kristin Steien Bratlie.

– Nyhende er aktualisert skulemateriell som pirrar læringslysta og gjev læringsglede. Eg trur dei nye medievane våre har fått fleire til å oppdage kor viktige nyhende er i ein læringsprosess, seier ho.

– Kva tenker du om at utgåva Klart og kort er på nynorsk?

– Det er sjølvstøtt viktig at ein har tilgjengeleg nyhende på sitt eige hovudmål, og me har fått god respons frå lærarar som er glade for å få det på nynorsk. Men det er sjølvstøtt ein debatt om kva norm me bør legge oss på reint språkleg.



LANDSTINGET 2013

LNK

VOSS 23. - 25. APRIL

Hovudtema under konferansen er

## NYNORSK I SPRÅKÅRET 2013 – EIN STATUSRAPPORT

Korleis står det til med nynorsken på ulike område i samfunnet?

## NYNORSK I OPPLÆRINGA

Det nye norskfaget og norsk språk etter Språkåret 2013

Landstinget opnar med kulturkveld i nye og flotte Voss kulturhus

Med Sigrid Moldestad, Per Inge Torkelsen, Twang Gang, Olav Undeland og Arne Anderdal

Innleiarar og føredragshaldarar:

Hadia Tajik – Kjartan Fløgstad – Ottar Grepstad  
Hilde Sandvik – Per Arne Kalbakk – Espen Udland  
Inger Johanne Sæterbakk – Sigrid Moldestad – Terje Lyngstad  
Nina Refseth – Trine Lerum Hjelldahl – Arnstein Bjørke  
Ragnfrid Trohaug – Jan Olav Fretland – Terje Breivik  
Helge Andre Njåstad – Yvonne Algroy – Irlil Schau Johansen  
Yngve Årdal – Øystein Hassel – Svein Olav Langåker

Konferansen går føre seg i Voss kulturhus  
Park Hotel Vossevangen er konferansehotell

Elektronisk påmelding på LNK sine nettsider [www.LNK.no](http://www.LNK.no)

Påmeldingsfrist: 5. april 2013

Informasjon og fullt program finn du på [www.LNK.no](http://www.LNK.no)



«Velkomen til Best Western Hotell Bondeheimen. Message in English will follow ...» For å få tak i mannen bak Språkåret må eg ikkje ned i kjellaren bak den låste døra der det står Vakt deg for leoparden, men gjennom den tospråklege telefonsvaren til Hotell Bondeheimen og verta sett over til eit hotellrom i hovudstaden. Der har eg fått ein time i telefonen.

# Bakom Språkåret

Ottar Grepstad (fødd 1. oktober 1953) er forfattar og sidan 1999 direktør for Nynorsk kultursentrum. Han har gjeve ut ei lang rekke bøker om ulike emne. I 1998 vikarierte han i ein periode som dagleg leiar i Noregs Mållag. Frå 1980 til 1994 var han tilsett i Det Norske Samlaget, og var mellom anna redaktør for Syn og Segn frå 1984 til 1988. Ottar Grepstad var rådsmedlem i Norsk kulturråd 2005–2009 og er styreleiar i Språkrådet (styremedlem 2006–2010). I 2012 gav han ut boka Draumen om målet. Tilstandsrapportar frå Norge og Noreg. (Kjelde: Wikipedia)



Gudrun Kløve Juuhl og Ottar Grepstad snakkar om språklege utfordringar og gleder. (Foto: Lars O. Flydal)



(Foto: Arild Torvund Olsen)

Gudrun Kløve Juuhl (fødd 26. januar 1979) er malkvinne og var leiar av Norsk Målingdom frå 2002 til 2003. Ho kjem frå Arna utanfor Bergen. Juuhl har mastergrad i nordisk frå Universitetet i Oslo og var frå 2008 til 2012 doktorgradsstudent ved Høgskolen i Vestfold. Sidan 2012 har ho arbeidde ved Nynorskenteret i Volda. (Kjelde: Wikipedia)

Ein av dei fyrste konklusjonane var at me ville gjera noko anna og større enn Ivar Aasen-året 1996. Aasen-året var viktig og vart eit mønster for mange seinare forfattarjubileum. Desse vart etter kvart ganske like kvarandre. Me ville gjera noko anna og større enn Aasen-året, og me ville fornya forfattarjubileet.

Ottar Grepstad

GUDRUN KLØVE JUUHL  
bladstova@lnk.no

Språkåret er ei raus og inkluderande feiring av det norske språkmangfaldet, står det på heimesida. Nynorsk er språket mitt. Eg vart fødd inn i det, i den heldige tidslomma der Bokklubbens barn gav ut parallellutgåver, og før alle dei bokmålsbadande barne-tv-kanalane. Og eg hadde nynorsk på skulen, som dei andre i klassen min på Garnes skule i Arna utanfor Bergen. Likevel er me kanskje tre att som er nynorskbrukarar. Det er kanskje ikkje rart når Arna er ein bydel i den språkøytrale bokmålsbyen Bergen. Det er lett å forklara målbyttet i Arna språksosiologisk, men det kjennest ikkje mindre som eit tap for det. Dei siste ti åra har skulemålsprosenten gått frå 60 til 40, skriv ein gamal kjenning på tekstmelding til meg. Ei i klassen som har hatt suksess og vorte designar, skriv nynorsk på Facebook. Eg er uroleg for framtida til nynorsken der eg kjem frå. Og kanskje i forlenging av det er eg uroleg for nynorsken si framtid, sjølv om eg har nynorsk rundt meg på nesten alle kantar på den nye heimstaden min, Volda City. Har denne uroa noko rom i strategien bak språkåret, eller er det berre slikt som skaper dårleg stemning? Og kva har språkåret å gje til oss som er urolege?

– **SÅ, KAN IKKJE DU** fortelja litt om tanken bak språkåret, korleis ideen kom til, du har heilt sikkert hatt noko med det å gjera.

– Ideen er min, men idear vert jo til i eit miljø. Utgangspunktet var styremøta i Nynorsk kultursentrum, der me frå 2003 hadde «Perspektiv 2013» som fast sak for å sjå langt fram, sjølv om me då strengt teke hadde nok med å etablere Ivar Aasen-tunet, som hadde opna i 2000.

Ein av dei fyrste konklusjonane var at me ville gjera noko anna og større enn Ivar Aasen-året 1996. Aasen-året var viktig og vart eit mønster for mange seinare forfattarjubileum. Desse vart etter kvart

No er me så vidt inne i Språkåret 2013, og det vert hundrevis av arrangement.

Ottar Grepstad

ganske like kvarandre. Me ville gjera noko anna og større enn Aasen-året, og me ville fornya forfattarjubileet.

I 2007 byrja me å formulera målsetjingar ut frå tanken om kva det å gjera noko større og annleis enn Aasen-året innebar. Me ville sjå den nynorske skriftkulturen i ein større samanheng. Dei måla me formulerte då, er framleis med. Me ville gjera bokmålsbrukarar stolte av den språkdelte norske kulturen og like stolte over nynorsk som nynorskbrukarane er. Det byrja med det. Så tenkte me: «Ja vel, men då må me også gjera noko for at nynorskbrukarane vert meir stolte av og trygge på språket sitt.» Ein del nynorskbrukarar har jo eit dårleg språkleg sjølvbilete.

Kva som då skulle til, dukka opp ei mørk og litt svevnluss natt på eit internt planleggingsmøte på Andalsnes i januar 2008. Me må laga eit språkår! Styret slutta seg til framlegget, og me formidla eit notat på ei side til politisk leiing i Kultur- og kyrkjedepartementet. Der var arbeidet med språkmeldinga (Mål og mening) i sluttfasen. Regjeringa kunne ta ideen som sin i den meldinga, men om dei ikkje gjorde det, sa me at då tek me ideen attende og driv saka fram. I meldinga stod

det berre at regjeringa ville kome attende til 200-årsjubileet for Ivar Aasen. Så då var det berre å halda på.

**OG ME VEIT AT DEI** kom attende til det.

– I 2012 vart Språkåret 2013 utropt til budsjettvinnar i fleire avisoppslag. No ligg det ein eigen retorikk i det å kalla nokon for budsjettvinnarar, men det vart i alle fall nok pengar til å få på plass ei prosjektleiing og setja i gang. No er me så vidt inne i Språkåret 2013, og det vert hundrevis av arrangement. Dei fleste i arrangementskalenderen handlar om nynorsk, men det er også arrangement om historia til riksmålet og bokmålet, om omsetjing, samisk, dialektgranskning med meir, og det vert stendig meldt inn nye tilskipingar.

– Men er det sikkert at eit slikt arrangement for å feira alt språk vil styrkja sjølvkjensla til nynorskbrukarane?

– Ja, det er eg heilt sikker på. Det finst mykje grums, men det har alltid vore der. Mange nordmenn har eit meir avslappa forhold til språklege skilnader no enn for nokre tiår sidan. Striden om Alta-Kautokeinovassdraget var med og endra innstillinga til samisk blant etniske nordmenn, innvandring til osloområdet har gjort at folk møter fleire ulike språk enn før. Ting skjer, og haldningar endrar seg. Samstundes er det nok for somme lettare å vera for norsk enn for to norske språk, og det er lettare for nokre å akseptera spennande og eksotiske kulturar enn å ha forståing for nynorsk.

– **ER IKKJE ALT MANGE** nynorskbrukarar så språkleg tolerante at dei skilir over i bokmål?

– Det er mange grunnar til at nynorskbrukarar skriv bokmål, men dei har jo likevel nynorsken med seg. På ei personalsamling i Det norske oljeselskap nyleg dukka den eine ingeniøren etter den andre opp med nynorskbakgrunn frå skulen, og dei hadde eit romsleg syn på den norske språksituasjonen. Språkskiftarar har varierende tilnærmingar til

bruk av bokmål og nynorsk. Språkskifte er ikkje uttrykk for språkleg toleranse, men viser det kulturelle hegemoniet i samfunnet.

Så veit vi jo at i praksis er nynorskbrukarane meir tospråklege enn bokmålsbrukarane. Å vera i språkleg fleirtal eller ha hegemoni, er inga enkel sak. Sjå berre kor lite orienterte mange innbyggjarar i supermakta USA er om verda utanfor. Dei som er i fleirtal, slepp unna ein del refleksjonar. Difor er det viktig for oss å finna fram til bokmålsmiljø som vil vera med og bruka Språkåret 2013.

– **MEN DET HAR IKKJE** vore så lett?

– Nei, men ting er på gang, og me håpar mange bokmålsbrukarar vil feira både språket sitt og den språkdelte norske kulturen. På sett og vis er dette fyrste gongen nynorskmiljøet seier at me vil ha bokmål også, og at bokmål er eit viktig språk, slik nynorsk er det. Me inviterer til å visa gjensidig respekt. Kva me oppnår, vonar me at me kan måla gjennom svara i ei meningsmåling vi gjorde i desember i fjor som me skal gjera om att i november i år.

– Kan ein og sjå Språkåret 2013 som eit slags sidemålsprosjekt for alle dei som ikkje går på skulen (her prøver eg meg på eit smilefjes i telefonen)?

– Eg vil ikkje plassera språkåret i dei kategoriane. Det skaper med ein gong assosiasjonar til spenninga mellom det frivillige og det obligatoriske. Språkåret er heller den fyrste offisielle markeringa av at Noreg erkjenner seg sjølv som eit fleirspråkleg samfunn, også i moderne tid. Me insisterer på at me har to norske språk. Det ville ikkje vore ei ålmenn utsegn for 20 år sidan.

Det er viktig at fleire, som i tilhøvet mellom nynorsk og bokmål, arbeider for gjensidig respekt. Me er opptekne av at flest moglege arrangement kryssar språkgrensene i Noreg, og at språkbrukarane møter kvarandre på tvers av språklege skilje. Dette må gjerne følgjast opp med politiske støtteerklæringar, til dømes frå samisk miljø på politisk hald overfor målrørsla.

Og eg hadde nynorsk på skulen, som dei andre i klassen min på Garnes skule i Arna utanfor Bergen. Likevel er me kanskje tre att som er nynorskbrukarar.

Gudrun Kløve Juuhl

Er ikkje alt mange nynorskbrukarar så språkleg tolerante at dei skliir over i bokmål?

Guðrun Kløve Juuhl



**EIT STØRRE BILETE:** – Me ville sjå den nynorske skriflkulturen i ein større samanheng, seier direktør ved Aasen-tunet, Ottar Grepstad. (Foto: Gaute Øvereng / Ivar Aasen-tunet)

– Men trass verdien av alle språkmøta, har Kristin Halvorsen rett når ho seier at det er «hovudmålslevane» som må redde nynorsken?

– I alle samfunn er det dei som har eit språk som sin bakgrunn, som ber det språket, men i alle samfunn er også status viktig. I Noreg som i andre land er difor spørsmålet om kor mykje fleirtalet nasjonalt skal kunna av det mindre brukte språket, viktig. At elevar med nynorskbakgrunn og bokmålsbakgrunn har ulike behov i skulen, er eit synspunkt Nynorsk kultursentrum har hatt lenge, men Språkåret 2013 er ikkje ein politisk aktør som meiner noko om dette. Språkåret slepper alle til og gjev dei høve til å bli høyrd av fleire, same kva dei meiner

– Trur du Språkåret 2013 har noko å seia for nynorskidentiteten i Arna?

– Korleis dette verkar lokalt og individuelt, er umogleg å seia. Det har mest å gjera med kva som blir gjort i kvart enkelt lokalsamfunn. Under Ivar Aasen-året var det ein del målfolk som meinte at ei slik markering ikkje var relevant eller viktig språkpolitisk arbeid. Dei meinte det var for mjukt. No er det lett å sjå noko me ikkje tenkte på under planlegginga; at den tenkinga som ligg til grunn for Språkåret 2013, er svært tidstypisk. Det vert tenkt annleis og opnare enn for om språk i mange land. Jamvel i Frankrike driv folk og skiftar meining på høgste hald.

– **I SPRÅKÅRET SNAKKAR DE OM** mangfald, respekt og toleranse. Det andre ordet som vert brukt mykje i ordsifte om nynorsk om dagen, er eksponering: Nynorskbrukarar må eksponerast meir for språket sitt for å verta støe. Men for nokre år sidan snakka i alle fall målørsla mykje om å velja nynorsk. No verkar det som om det å snakka om val har forsvunne. Kva tenkjer du om det, er det eit tap?

– Det kan det godt henda du har rett i. Eg trur at dersom du vert meir eksponert for eit språk, vert også spørsmålet om val mindre relevant. Dette kan vera viktig mellom anna for kommunar og kommunalt tilsette. Kommunane er blant dei viktigaste språkbrukarane og største tekstprodusentane i samfunnet, men slik ser nok dei færreste av dei på seg sjølve.

– Ja, for kommunar er kanskje ikkje det å velja det mest sentrale perspektivet, men for språkbrukarar; til dømes skuleelevar som veks opp kring Bergen og ser at nynorsken er utfordra ...

– Det er større mekanismar som slår inn her og enn dei individuelle vala, dei større strukturane har meir å seia. Sentraliseringa på 50- og 60-talet var eit problem for nynorskbrukarane, slik som den enorme folkeveksten i osloområdet er det i dag.

Det er ein tankekross at mange nynorskkommunar gjev nye innbyggjarar frå andre land opplæring på bokmål fordi dei ikkje reknar med at dei vert buande. Det er ein politisk defaultisme eg ikkje greier forstå. Dei må jo gjera det dei kan for at folk skal verta buande, og vegen til å verta bufast og integrert går gjennom språk og kultur. Bokmålskommunar har også eit ansvar for at dei som kjem, får høve til å ta innover seg den språkdelte norske kulturen. Det er ein tendens til å tenkja at folk som kjem frå andre land, kjem til ein vanskeleg språksituasjon, men dei fleste land har ein vel så kompleks språksituasjon som Noreg.

Her nærmar tida vår seg slutten, faktisk mindre enn ti minutt att av timen. Grepstad har eit møte som nærmar seg.

– **HEILT TIL SLUTT** då: Kva strategiske utfordringar ser du for nynorsken i kommune og skulen?

– At fleire flyttar til eller vert buande i område som i dag er nynorskområde. Det trur eg har meir å seia enn eksamensordningar. Med det seier eg likevel ikkje at læreplanar er uviktige, for det er dei ikkje. Kan språkåret gjera noko med kommunane sin språkpolitiske defaultisme, har me gjort noko viktig.

Ok. Språkrådet er altså ei feiring av alt språket i Noreg og ein freistnad på å skapa gjensidig respekt mellom språkbrukarane. Fint. Det mannen bak det heile svarer til uroa mi, er at det er territorium som tel. Framtida til nynorsken er avhengig av folketalsutviklinga i nynorskkommunane. Ja vel. Då kan me velja å sjå nynorsken i barndomsbydelen min anten som dømd (sidan Arna ikkje har egne grenser, ligg sju minutt frå Bergen, og at kommunen sine bydelsnettsider konsekvent nyttar bokmål), som eit eventyr (sidan nynorsken har halde seg relativt godt i skule, lokalavis og lokalsamfunn trass eit konsekvent bokmålspress ovanfrå), eller som ei oppmoding til såkalla språkøytrale kommunar om å sjå kva dei har å ta vare på.

Jens Haugan,  
Hamar dialekt – og mållag.

– Det er mange som kjem til å delta aktivt i Språkåret 2013 på ein eller annan måte. Lytt litt ekstra til kva samtalepartnaren din ønskjer å formidle; bruk litt ekstra tid på teksten du held på å lese; snakk om språk; problematiser, diskuter, filosofer, inkluder – delta, du òg.

# Offentlege sider ikkje for innvandrarar

**Offentlege nettsider i Sogn og Fjordane kommuniserer ikkje med innvandrarane, slår rapport fast.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Rapporten *Mot eit multikulturelt Sogn og Fjordane* viser at kommunar og regionale aktørar i fylket i liten grad har innvandrarar som målgruppe for informasjonen sin, og at svært lite av informasjonen er tilrettelagt for innvandrarar. Desse nettsidene blir derfor også lite brukte av denne målgruppa, skriv nettavisa Forskning.no.

Det er Grete Nettelund frå Høgskolen i Sogn og Fjordane og Carol Azungi Dralega frå Vestlandsforskning som står bak rapporten. Dei har gått gjennom ei rekke nettsider i det offentlege Sogn og Fjordane, både frå kommunane, fylkeskommunen, Fylkesmannen, NAV og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet Vest. Dei har òg intervjuar innvandrarar og dei ansvarlege for nettsidene.

## BLIR EIT PROBLEM

Studien deira viser at innvandrarar ikkje kjenner til dei offentlege nettsidene, dei finn ikkje fram i dei, og språket på nettsidene er for vanskeleg og byråkratisk. Han viser dessutan at nettsidene stort sett berre finst på norsk, ikkje på innvandrarane sine egne språk.



**PROBLEM:** Det kan bli eit demokratisk problem når offentleg informasjon på nettet ikkje er tilgjengeleg for innvandrarar, meiner forskarane bak rapporten *Mot eit multikulturelt Sogn og Fjordane*. (Foto: Alicja Stolarczyk)

– Sjølv innvandrarar som er høgfrekvente IT-brukarar og snakkar brukbart norsk, slit med å finne informasjon dei opplever som relevant og forståeleg, seier Nettelund til Forskning.no.

Dette gjer at ei minoritetsgruppe ikkje får nytte seg av den same digitale informasjonen som andre, og det kan gjere dette til eit demokratisk problem, påpeiker

Nettelund. Dette er også eit problem for Sogn og Fjordane. Fylket treng arbeidskraft, men opplever at om lag halvparten av innvandrarane flyttar derfrå etter ei tid.

## MÅ INVOLVERAST

Forskarane rår kommunane og dei regionale aktørane til å ta innvandrarar med på råd for å avdekke informasjonsbehovet. Dei peiker

til Sogndal, som blir halde fram som eitt av lyspunktta i studien. Der har brukarinvolvering vore viktig i utforminga av kommunikasjonsstrategien til kommunen.

Vidare rår forskarane offentlege aktørar til å sjå på innhaldet på sidene, bruke eit enklare språk, ta i bruk klarspråk i kommunal sektor og i tillegg lage ein felles arkitektur på offentlege nettsider.

Dei offentlege nettsidene kan med fordel brukast meir aktivt i norsk- og samfunnsfagsundervisninga. Samarbeid på tvers av kommunane og dei ulike nivåa i forvaltninga vil vere nyttig, og forskarane foreslår dessutan at Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) får ei sentral rolle i utviklinga av meir brukarvenleg offentleg informasjon i digitale kanalar.

## FEKK MIDLAR TIL FORSKING

Forskarane meiner det er viktig at offentlege nettsider i større grad og på ein betre måte synleggjer kompetansen innvandrarane sit på, og behova som næringslivet i fylket har.

– Og så kjem vi sjølv sagt alltid tilbake til språket. Meir intensiv språkoppplæring og ikkje minst at det er opplæringsmaterieill å få på nynorsk – som i dei fleste høve er arbeidsspråket i fylket – trur eg er alfa og omega, seier Grete Nettelund.

Før jul i 2012 fekk fem forskingsinstitusjonar, Vestlandsrådet og fylkeskommunane Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane tre millionar kroner frå Regionalt forskingsfond Vestlandet. Pengane skal brukast til å forske vidare på temaet arbeidsinnvandring til Vestlandet. Prosjektet varar frå 2013 til 2015, og målet med prosjektet er å gjere kommunane og fylkeskommunane betre i stand til å ta vare på den ressursen arbeidsinnvandrarar representerer for regionen.

# Får bruke nynorsk i Tydal

**Leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, er godt nøgd med at formannskapet i Tydal kommune har gjeve ein av dei tilsette i kommunen lov til å skrive nynorsk.**

JUDITH SØRHSUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det er ein kulturkonsulent i kommunen som har søkt om å få lov til å nytte nynorsk. Tydal kommune har eit vedtak frå 1981 om at bokmål skal vere administrasjonsspråk i kommunen, men formannskapet gav likevel dispensasjon, skriv Nea Radio.

No skal saka vidare til kommunestyret. Tydal kommune er ein fjell- og kraftkommune i Sør-Trøndelag. Kommunen har om lag 860 innbyggjarar og ligg 8,5

mil frå så vel Røros som Værnes flyplass.

– Eit rett vedtak, seier leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, til Nea Radio.

– Ofte er det nok søknadar om å bruke bokmål i nynorskkommunar, seier Øvregård og legg til at mållaget er meir skeptiske til dispensasjonar i dei sakene.

På Lnk.no møter du spanande kommentatorar som skriv om Kommune-Noreg, språk og nynorsk. Her er nokre smakebitar.

LNK NYTT

Håvard B. Øvregård  
leiar i Noregs Mållag

– Det vil vere eit tragisk paradoks om ein nett dette året svekjer sidemålet og norskfaget i skulen. I staden bør vi bruke året til å styrkje alle språka og språk mangfaldet i landet.

KULTURDEPARTEMENTET

## Nynorskpris for journalistar 2013

Kven fortener Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i år? Prisen er på 50.000 kr. og skal fremje bruk av nynorsk i media.

**1. mars** er fristen for å kome med framlegg til prisvinnar, og alle framlegga må ha ei skriftleg grunngjeving.

Du finn fleire opplysingar om prisen på sekretariatet si nettside: [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no).

Merk framlegga "Nynorskprisen 2013". Send dei til: [nynorskmediesenter@nrk.no](mailto:nynorskmediesenter@nrk.no) eller NRK Nynorsk mediesenter, postboks 100, 6801 Førde.

# I språkkampen

**I år er Det Norske Teatret 100 år. Midt i feiringa står Nina Refseth.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Bokmålsjenta frå Trondheim uttalte ein gong til Dagbladet at også ho var ei av dei som kjeda seg i nynorskstimane på skulen. Likevel er ho etter kvart blitt eit kjent namn i nynorske kretsar. Ho studerte idéhistorie og etterkvart vart det jobb i Universitetsforlaget. Der arbeidde ho med mange nynorske manus, noko som gjorde valet om å bruke nynorsk som arbeidsspråk enkelt.

– I Universitetsforlaget fekk eg tett kontakt med fleire nynorskforfattarar som Gunnar Skirbrekk og Ottar Grepstad. Då måtte eg lære å nytte nynorsk som arbeidsspråk, seier Refseth.

– Då eg seinare starta i Samlaget valde eg å skifte heilt.

– Eg brukar nynorsk både på jobb og privat i dag også. Det kan vere slitsamt å vere den einaste på jobb som skriv nynorsk, men ein merkar jo at ein blir meir ustø, men når du er sjef, er det ingen som seier noko på det.

Idéhistorikaren har ein imponerende karriere bak seg. I 2004 tok ho over stafettspinnen frå Audun Heskestad og vart med det den første kvinnelege toppsjefen i eit større norsk forlag. Ni år seinare konstaterer ho at tilstanden i forlagsbransjen er ganske lik det den var den gongen.

– Det er få kvinner på toppen i denne bransjen, men mange på andre og tredje nivå. Eg lurar litt på kor kvinnene blir av, men kanskje det har noko med at det er få utskiftingar på toppen, at dei som sit der, ofte sit lenge.

Det var også ei kvinne, tidlegare sjefsredaktør i Nationen Tove Lie, som tok over sjefsjobben i Samlaget etter Refseth.

– *Kva gjorde tida i Samlaget med språkinteresse di?*

– I Samlaget får du jobbe med mange flotte nynorskstemmer. Det gjer noko med ditt eige forhold til språk når du jobbar med folk som Guri Vesaas. Ho er veldig pedagogisk i møte med andre sine tekstar.

– Det var ei lærerik tid. Du merkar godt at bedrifta står i ein sterk tradisjon.

I dag er ho direktør ved Norsk filminstitutt i ei tid der norsk film haustar fleire godord enn på lenge. Ho nevner *Hodejegerne* som den store utlandssuksessen salsmessig, ein film som også er nominert til Bafta. Og ikkje minst *Kon-Tiki* som er nominert til både Golden Globe og til Oscar. I 2012 vart det selt 2,1 millionar billetter til norske filmar.

Refseth ser framover. Ho er og blir ein bestemt optimist.

– Me ser nå først og fremst fram mot ein sterk filmvår og reknar med nesten 30 norske filmar på kino i år, seier ho i ei pressmelding.

– *Kva med språket i dei norske filmene?*

– I filmen er det talemålet som gjeld. Me har heldigvis eit ganske variert talemål i norsk film, mykje meir variert no enn for 20 år sidan, slår ho fast.

– Det er ei positiv utvikling.

Nina Refseth er også styreleiar for Det Norske Teatret. No feirar teateret som vart skapt som ein kamparena, 100 år, noko som skal markerast gjennom heile språkåret. Det er framleis temperatur ved teateret, som lik mange andre institusjonar må kjempe for å få dei beste vilkåra for framtida.

– Eg er så heldig at eg sit i komiteen som jobbar med historieboka til teateret. Det er ei flott historie om eit teater født i storm. Det er meir fredfylte forhold no, men teateret er framleis viktig for å få aksept for nynorsken.

Ho meiner det er viktig å sikre teateret sin posisjon.

Det er heile tida eit arbeid for å bli oppfatta som viktig og for å skaffe nytt publikum, ein må skaffe seg sjølvtilit når det gjeld desse tinga her. Det er her suksessen til Det Norske Teatret ligg. Teateret betyr meir for folk enn ein kanskje ved første augneskast ser. Og Det Norske Teatret er så

## SJØLVMELDING

**Namn:** Nina Refseth  
**Alder:** 47

**Bur:** Oslo

**Sivil status:** gift

**Les:** svært mykje

**Høyre på:** frå rock via country til klassisk – ulik musikk ved ulike høve.



– *Me treng nokre dørøpningar for at variasjonen skal bli akseptert i media. Målrørsla sentralt må ikkje slippe taket i kampen om riksavisene.*

bra at mange gløymer at det er eit nynorsk-prosjekt.

– *Ser du likskapar mellom film og teater?*

– Teateret er augneblinken sin kunst, film er jo ein mellomdistanse, der ein brukar lengre tid. Og publikumet møter filmar på ein heilt annan måte enn eit teaterstykkje.

Optimisten melder seg også når ho snakkar om nynorsken si framtid.

– Eg er ikkje så pessimistisk som mange andre er, utfordringa er meir å velje dei rette kampane, trur eg.

– Stillinga til nynorsken er så delt, den er høgst vital somme stadar og meir svekka på andre område.

Mest av alt lar ho seg provosere av at journalistane ikkje får lov til å skrive nynorsk i riksavisene.

– Når eg fortel det til folk som ikkje veit om det, seier dei ofte «hæ?», dei trur ikkje på at det er slik.

Ho peikar på medium som TV2, som har eit godt utval av ulike talemål og dermed blir eit bilete på å akseptere variasjonar.

– Me treng nokre dørøpningar for at variasjonen skal bli akseptert i media. Målrørsla sentralt må ikkje slippe taket i kampen om riksavisene. Lesarane må møte nynorsk i opne landskap også, ikkje berre i dei små og innelukka.

– Og kanskje ein må vere litt meir forsiktig med raudpennen? Eg er glad i eit korrekt språk sjølv, men det kan kanskje bli litt mykje.

– *Kva forventingar har du til språkåret?*

– Hm, kva skal eg seie til det? At eg er positivt avventande. Eg håpar ikkje me berre vil oppleve det som eit språkår, men at ein ser meir debatt og engasjement rundt språksakene over tid.

- for deg som meiner noko

## MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

[www.magasinett.no](http://www.magasinett.no)

Nett det du treng på nettet?

**NO OG MED EIGA  
HANDBOK  
FOR LÆRAREN!**

# Mæhle kan vinne Uprisen igjen

**Lars Mæhle kan vinne Uprisen igjen. No er det boka *Fuck Off I Love You* som er nominert.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Dei fem nominerte til Uprisen 2013 er: Ellen Fjestad: *Sammen skal vi holde himmelen*. Schibsted, Magne Hovden: *Åndejeerne*. Aschehoug, Marianne Kaurin: *Nærmere høst*. Aschehoug, Lars Mæhle: *Fuck Off I Love You*. Samlaget, Arne Svingen og Helene Uri: *Din vakre jævel*. Gyldendal.

– Vi meiner dette er veldig ulike bøker, som treff eit breitt spekter av ungdom, seier nominasjonsjuryen.

– Bøkene vi har valt, skil seg tydeleg ut. Dette er dei bøkene som er best likt, og som har skapt mest engasjement. Nominasjonsjuryen har vore samansett av Marie Drønningen (15) frå Ålesund, Silje Benedicte Isebakke (14) frå Moss, og Wilde O. Loe (15) frå Ski.

I 2012 kom det inn heile 640 meldingar av dei femti norske ungdomsbøkene dette året.



Nominert: Lars Mæhle er blant dei nominerte til Uprisen 2013. (Foto: Samlaget)

– Vi har aldri fått inn så mange meldingar som nå. Dette viser det enorme engasjementet for lesing som er blant ungdom, seier Kristine Isaksen, dagleg leiar i Foreningen !les.

– Uprisen er ein viktig pris, ungdommen får sjølv løfte fram kva dei meiner er god ungdomslitteratur. Vi gler oss til å høyre kva elevane meiner er den beste boka, seier ho på nettsidene til organisasjonen.

### SITATET:

– Nynorsken trenger engasjement og entusiasme. Norskfaget trenger én skriftlig karakter.

Førsteamanuensis Henning Fjørtaft i norsk fagdidaktikk ved NTNU til Utdanningsnytt.

# Språkleg status på landstinget



AGENDA: Det blir arbeidd for å få kulturminister Hadia Tajik med i programmet på landstinget i april. (Foto: Ilja C. Hendel)

**Landstinget til LNK blir arrangert på Voss i april. Temaet er nynorsk i Språkåret 2013 – ein statusrapport.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det er prosjektleiar i Språkåret, Inger Johanne Sæterbakk, som skal opne landstinget, saman med ordførar på Voss, Hans Erik Ringkjø, og styreleiar i LNK, Astrid Myran Aarvik. Det blir også arbeidd for å få kulturminister Hadia Tajik inn i programmet, og ein håpar at ho kan seie noko om nynorsk er eit språk for framtida.

### VARIERTE SPRÅKTEMA

Landstinget går av stabelen 23.–25. april og skal arrangerast i det nye kulturhuset

på Voss. Her blir det også kulturkveld i god nynorsk tradisjon på landstinget sin første kveld. Kulturkvelden skal leiast av Per Inge Torkelsen, i tillegg vil ein møte Sigrid Moldestad, Twang Gang, Arne Anderdal og Olav Undeland. Gjennom dagane på landstinget blir det varierte tema og debattar om nynorsken sin posisjon på fleire område i samfunnet. Blant anna skal fdirektøren ved Ivar Aasentunet, Ottar Grepstad, stille spørsmål om nynorsk er eit stort språk i verda, men eit lite språk i norske kommunar.

### NYNORSK I ULIKE MEDIUM

Det blir også paneldebatt om nynorsk i media. Her deltek programdirektør i NRK, Per Arne Kalbakk, administrerende direktør i ABC Startsidene, Espen Udland, ansvarleg redaktør i Firda, Yngve Årdal, og debatt- og kulturredaktør i Bergens Tidende, Hilde Sandvik. Teatersjef ved Sogn og Fjordane Teater, Terje Lyngstad, skal snakke om nynorsk på scenen,

medan direktør i Norsk Filminstitutt, Nina Refseth, skal snakke om nynorsk på lerretet. Litteratur, næringsliv, suksessrike distriktkommunar og språkleg framtid blir også tema under landstinget.

### BRUKSPRÅKET NYNORSK

Administrerende direktør i Lerum, Trine Lerum Hjelldahl, tek føre seg nynorsk som bruksspråk i næringslivet. Forlagsredaktør for barne- og ungdomslitteratur i Det Norske Samlaget, Ragnfrid Trohaug, og forlagssjef i Fagbokforlaget, Arnstein Bjørke, ser på den nynorske litteraturen. Høgskulelektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Jan Olav Fretland, møter representantar frå Venstre, Høgre og AUF i ein debatt om det norske språket etter språkåret. I tillegg kjem Årets kommuneprofil og ordførar i Austevoll kommune, Helge André Njåstad, for å fortelje om kva som skal til for å bli ein suksessrik distriktkommune.



Jan Olav Fretland

Førsteamanuensis i norsk ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

### SPRÅKRÅD

#### Nytt år i forhold til språk

No må det gjerast noko. Me må strypa dette uttrykket «i forhold til». Me kan ikkje sitja i ro og høyra på at språket vårt blir utvatna og utydeleg fordi dei fleste, iallfall ordførarar og rådmenn og statssekretærar og stortingsrepresentantar, seier «i forhold til» i annakvar setning. Eg har skriva om det før i denne spalta, men utviklinga held fram, me har med ei språkleg landeplage å gjera. Med dette utfordrar eg alle til å ta del i aksjonen for utrydding av feil bruk av «i forhold til».

**ME TOK TIL PÅ** fylkestinget i Sogn og Fjordane sist desember. Eg talde opp kor mange «i forhold til» eg høyrde frå innlegga og kunngjorde resultatane. Det var pussig å leggja merke til talarane som kom etterpå. Fleire sette i gang som vanleg, og så kom dei til «i ...», og så vart det ein tenkjespause. Det nyttar, altså. NRK Sogn og Fjordane tok opp saka og begynte å telja dei òg. Første talaren etter meg hadde visst seks «i forhold til». Han merka det ikkje ...

**EIN UNG** fylkestingsmedlem, Aleksander Øren Heen, kom med eit godt råd om korleis me kan hjelpa folk til å bli kvitt plagen: Viss du kan byta uttrykket ut med «samanlikna med», er det greit. Elles kan du kutta ut «i forhold til». Ein god regel, som eg deler med lesarane! Eg har elles laga ei lita utfordring til dykk, så de kan sjekka at de er på rett lag i aksjonen. Prøv å laga vanleg norsk av tekstbiten nedanfor. Eg har lagt inn litt relativt og fokus, så stoffet blir mest mogleg autentisk:

**DET ER KLART** at det er relativt viktig å fokusera på at i forhold til språket så er det relativt mykje, både i forhold til språket og i forhold til måten me politikarar seier setningane på, som er relativt tungt. Både når me uttalar oss i forhold til media eller har ansvar i forhold til fylkestinget eller kommunestyret, er det relativt viktig å ha fokus i forhold til folk flest. Dei er relativt kravstore i forhold til måten me uttrykkjer oss på i forhold til dei.

Brukar du regelen til Aleksander, ser du fort at dette uttrykket tyder noko anna enn det som var tenkt: Han er flink i forhold til små barn.

Eg håpar du blir aktiv i forhold til aksjonen min!

## Nyttige adresser :

### VIL DU ANNONSERA HER?

Du når:

- folkevalde i kommunar, fylke og Storting, offentleg tilsette i stat og kommune, skular og bibliotek
- 9 fylkeskommunar
- 123 medlemskommunar

Kontakt [annonse@lnk.no](mailto:annonse@lnk.no) for meir informasjon og pristilbod.



### Setesdalsforlaget

Send bokmanus i Word til [setesdalsforlaget@online.no](mailto:setesdalsforlaget@online.no)

Ikkje rediger!


Vere med i antologiar? 5-10 s.

**Kjøp berre dei ex. du treng:**

kr. 150/ex for innb.

kr. 90/ex for hft + porto.

Original idé? Mange er med alt.



### Plankontoret Hallvard Homme AS

Arealplanlegging, landskapsarkitektur, arkitektur, prosjektstyring, prosjektutvikling

379 37000 – [post@plankontoret.no](mailto:post@plankontoret.no)

[www.plankontoret.no](http://www.plankontoret.no)

**startside** /  
[www.startside.no](http://www.startside.no)

Klikk deg til meir nynorsk!  
Kvart klikk gjev inntekter til meir nynorsk på nett!

Sjå kva du kan gjera for å få meir nynorsk på nett:  
[www.framtida.no/tags/framtida](http://www.framtida.no/tags/framtida)

## Kom til Valle



### Du kan bu i Valle og få:

- Låge bukostnader • Gode kommunale tilbod
- Gratis barnehage • Aktiv fritid

### Du kan bygge hytte i Valle og få:

- Flotte naturopplevingar - heile året

### Du kan feriere i Valle og få:

- Opplev den ekte setesdalskulturen

### Vil du vite meir om å bu og arbeide i Valle?

Då vil me gjerne at du tek kontakt med oss

[www.valle.kommune.no](http://www.valle.kommune.no) [post@valle.kommune.no](mailto:post@valle.kommune.no)



# Satsar på nynorskjournalistar

**Nynorsk avissenter i Førde opnar i august. Senteret skal drive med utdanning og etterutdanning av nynorskjournalistar.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Arve Sandal er no tilsett som prosjektleiar for senteret. Han har store forventningar til arbeidet senteret har framføre seg.

– Nynorsk avissenter skal gje eit handslag til lokalavisene som blir redigerte på nynorsk, ved å hjelpe til med rekrutteringa, men også med å utvikle den digitale lokalavisa, seier Sandal til Lnk.no.

– Det er i dag 59 lokalaviser som blir redigerte på nynorsk. Desse avisene produserer store mengder nynorsk tekst kvar veke, og dei er veldig viktige for det nynorske skriftspråket. Vi håper



vi kan støtte desse avisene med råd og med kompetanse.

## STARTAR TIL HAUSTEN

Allereie i april vil senteret derfor lyse ut praktikantstillingar som nynorskjournalistar kan søke på, etter mal av og i samarbeid med NRK Nynorsk mediesenter. Det første kullet med nynorskjournalistar tek til på opplæring og praksis i august i år.

Arve Sandal har sjølv vore med i prosjektgruppa som etablerte NRK Nynorsk mediesenter for 10 år sidan, og han ser at eit samarbeid mellom desse to

## HANDSLAG FOR AVISENE:

Nynorsk avissenter i Førde vil utvikle gode, nynorskbrukande journalistar til beste for lokalavisene i beile landet, seier prosjektleiar Arve Sandal. (Foto: Idar Stadheim, Firda)

organisasjonane kan gje gode synergiar.

## SPARK BAK

Det er Firda Media AS som står bak Nynorsk avissenter i Førde. Vinjefondet løyvde nyleg éin million kroner til senteret, og frå før har Sparebankstiftinga og Amedia løyvd ein halv million kroner kvar.

At Nynorsk avissenter blir lagt til avisa Firda i Førde, har ifølgje Arve Sandal si naturlege forklaring.

– Firda er den største nynorskavisa i landet og den

einaste av desse som kjem ut kvar dag.

– Nynorskfylket Sogn og Fjordane står også i ei særstilling. Medan nynorsken er på tilbakegang i andre fylke, er framleis 97 prosent av alle grunnskulelevane i Sogn og Fjordane nynorskbrukarar, og Sandal peikar på at fylket blir kalla det nynorske grunnfjellet.

At senteret opnar i Språkåret, er derimot meir tilfeldig, men det gjev like fullt eit ekstra spark bak for det nye avishuset å opne i det året det er 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd, seier den nyttilsette prosjektleiaren.



Charles Tøsse  
Ordfører  
Stordal kommune

## PÅ KOMMUNEVIS

### Der nokon skulle tru at alle ville bu.

Alle har det. Alle har den finaste naturen, gode kommunikasjonar, korte avstandar, flotte idrettslag og dugnadsånd, felespeling og alpinlegg, konsertar og jordbæråker. Entusiastiske politikarar og frivilligsentral, noko for ein kvar smak, og kom hit, flytt hit, ver med oss, skap vekst: alle småkommunar sin våte draum.

For om lag 5 år sidan fekk eg ein bergensar på døra, han hadde for ein del år sidan funne seg ei jente frå Stordal. No hadde dei stifta familie og flytta til kommunen og er ordførar i. Bodskaen han kom med, varma eit ordførarherte. Det var berre skryt å få, alt det positive som skjeddde i kommunen, og ikkje minst alle dei flotte tilboda, særleg for barnefamiljar. Etter ei stund kom det likevel eit men. Dette vert ikkje godt nok marknadsført, korkje til eigne innbyggjarar eller til folk utanfrå. Kvifor ikkje marknadsføre kommunen som «Barnas kommune»? var innflyttaren sin bodskap.

**PROSESSAR VART** sett i gong, alle tende på ideen, kommunestyret vedtok at kommunen skulle vere «Barnas kommune». Det skulle forplikte, vi skulle verte endå betre på det vi allereie var gode på, og gode på det vi var mindre gode på. Det vart valt prosjektgruppe, prosjektleiar og meir til. Det vart sett av midlar til prosjekt. Det vart halde folkemøte, og engasjementet var stort. Kva hadde vi, og kva ville vi ha. Kva var vi gode på, og kva måtte vi bli betre på osv.

Barnas kommune sitt magasin vart til, utsendt til m.a. innbyggjarane i kommunen og utflytta ungdom. I første utgåva måtte ordføraren stille i supermann-drakt til fotografering på taket av rådhuset. Jau – det kostar å vere ordførar i Barnas kommune.

**ETTER KVART HAR** dette blitt ein del av kvardagen (ikkje supermann-drakta). Fleire magasin, politiske vedtak, Barnas supersommar, kulturfestival osv. Ny skule har vi bygt, og ny barnehage er under planlegging – det må ein ha i Barnas kommune.

Barnas kommune er vårt omdøme prosjekt nr 1. I desse dagar går vi inn i prosjektet «Saman om ein betre kommune». Prosjektet «Langtidsfrisk» er vi også inne i. Vi har tru på å dra synergiar og stor effekt ut av desse samla sett, slik at kommunen kan verte endå betre for alle, både tilsette, innbyggjarar – unge og eldre – og dei som potensielt kan verte våre framtidige innbyggjarar.

**DETTE ER VÅR MÅTE** å arbeide på i kampen for vekst og utvikling, og vi trur vi er på god veg.

Berre så det er sagt: Bergensaren er blitt folkevald – sit i formannskap og kommunestyre, er på dugnad og er trenar for eit av dei mange fotballaga.

NB! den finaste naturen har vi òg.

Forsikringar skal gi deg tryggleik, **men;** kan dei også gi deg litt betre økonomi?

Alle som har offentlig tenestepensjon i KLP har ikkje berre ei solid og trygg pensjonsordning, dei har også høve til å gjere seg nytte av spesielt gunstige forsikringsordningar. Vi veit at våre medlemmer er fornuftige og ansvarlege, derfor kan vi tilby svært konkurransedyktige vilkår. Låge forsikringspremiar og den raskaste bonusoppteninga i marknaden kan gi deg som medlem nokre kroner til overs. Kva du vil bruke desse pengane til skal ikkje vi bry oss med, men hugs at vi også har bank med svært gode vilkår både på sparing og fond.

Gå inn på [klp.no](http://klp.no) og les meir om kva vi kan tilby alle som har offentlig tenestepensjon i KLP.

**KLP**  
for dagane som kjem

Godt språk og rett sjanger?

## Språk- og dokumentlære, nynorsk

Todagars kurs for kommunal og statleg forvaltning

- ulike teksttypar i det offentlege
- rett form og rett språk
- ordval og ordlegging
- nynorsk rettskriving
- den gode saksutgreiinga



Kursa er utvikla i samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dei kan bestillast av ein oppdragsgjevar og heldast på arbeidsplassen.

Meir informasjon finn du på [www.LNK.no](http://www.LNK.no)

HSF Oppdrag svarer gjerne på spørsmål og tek i mot tingingar på kurs:  
[hsfoppdrag@hsf.no](mailto:hsfoppdrag@hsf.no) eller telefon 57 67 60 00



**HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE**

Valle kommune  
Ordfører er  
Tarald Myrum  
(Sp)



Kommunestyret er sett saman av representantar frå Senterpartiet (6), Arbeidarpartiet (4), Høgre (3), Kristeleg Folkeparti (1) og Venstre (1). Kommunestyret har 7 kvinner og 8 menn.


Valle kommune ligg i Setesdal og hadde 1284 innbyggjarar per 1.7. 2012. Den største elva på Sørlandet, Otra, renn gjennom kommunen. Riksveg 9 kryssar Valle på veg nordover frå Kristiansand til Hovden i Bykle. På kvar side av kommunen ligg fjellviddene Setesdal Vesthei og Setesdal Austhei.

Kommunesenteret heiter Valle, og her er mellom anna administrasjonen til Setesdal regionråd lokalisert. I bygda Rysstad ligg Setesdalsmuseet.

Valle er ein vasskraftkommune og innleidde den store kraftutbygginga på 60-talet med bygginga av Brokke kraftstasjon på Norneland. I kommunen har sølvmedhandverket dessutan lange tradisjonar, og Valle hadde lenge den einaste skulen i landet med sølvsmedlinje.

Noverande Valle kommune er eit resultat av samanslåinga av Hyll-estad og Valle kommunar i 1962.

Kjelde: Wikipedia og Valle kommune



Illustrasjon: Gerbard Stoltz

# Utfordrande med folketalsnedgang



OPTIMIST: Fleire folk og betre veg, det ønskjer ordfører Tarald Myrum (Sp) for kommunen sin. (Foto: Setesdal regionråd/Marit Simonstad Kvaale)

**Valle kommune i Aust-Agder er ein liten kraftkommune med fallande innbyggjartal. Men ordfører Tarald Myrum (Sp) trur på betre tider.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

–Vi har hatt nedgang i folketallet dei siste 10 åra, men vi jobbar aktivt med å rette opp og auke tilflyttinga til kommunen, seier Myrum.

Valle har mellom anna hatt gåande eit småbruksprosjekt, der ein kartla til saman 100 småbruk som kunne vore aktuelle bu- og arbeidsplassar for folk som har lyst til å busette seg i kommunen. Prosjektet vart nyleg evaluert, og ordføreren gjev prosjektet status som delvis vellukka.

–Av dei 100 bruka som vart kartlagt, fekk vi tilflytting til fem eller seks av desse. Dei som har busett seg der, livnær

seg av eigne næringsverksemdar på garden kombinert med anna arbeid.

## KOMPLISERT

Prosjektet kunne hatt eit betre resultat, meiner Myrum, men samstundes har det vore ein nyttig prosess for den vesle kraftkommunen, som ligg midt i hjartet av Setesdal.

–Det er heller ikkje berre enkelt å få hand om desse småbruka, det er mykje som spelar inn. Eigarrar føler tilknytning til plassen, og vi må ta omsyn til odelslova og ei rekkje slike ting som gjer det vanskeleg.

No må kommunen sjå på andre tiltak som kan lokke folk til kommunen. Valle er ein kommune med god økonomi, og tenestetilbodet til innbyggjarane er jamt godt, meiner ordføreren.

–Vi har gratis barnehage, gode skulettilbod, og vi satsar ein del på kultur og idrett. No skal vi til å bygge ein kunstgrasbane og eit treningssenter.

Valle er ein av fire kommunar som utgjør Setesdalsregionen. Setesdal har

lange tradisjonar for kulturbasert næring, og både den materielle og den immaterielle kulturen er gode som Valle og dei andre setesdalskommunane kan og bør smykke seg med, seier ordføreren. Her lever sølv- og gullmedtradisjonane står sterkt.

–Vi er såpass ubeskjedne at vi seier vi er sentrum i Setesdal, og Setesdalsmuseet ligg i Valle kommune.

Valle kommune er med i Setesdal regionråd, eit politisk samarbeidsorgan mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle. Kommunane har ein del felles utfordringar, og samferdsle er ei av sakene som står øvst på dagsordenen no.

–Utbygging av riksveg 9 frå Kristiansand til Hovden er den store saka nett no.

Regionrådet ønskjer gul midtstripe heile vegen opp til Hovden innan 2023, og målsetjinga no er å få dette på plass i Nasjonal transportplan.

ministrasjon som tel 14 tilsette, som gjer at det er monaleg enklare for dei å vere effektive enn ein stor kommune.

–Mykje av grunnen til at vi kjem godt ut i slike kåringer er at vi har eit utstrekkt og godt interkommunalt samarbeid med andre innafør område kor vi sjølve blir for små og sårbare til å gjere jobben aleine. Les resten av intervjuet på lnk.no

Stordal kommune er den mest effektive kommunen i landet, ifølgje NHO sitt effektivitetsbarometer.

–Naturlegvis er det fint med kåringer kor ein havnar på topp, det gir gode signal, seier ordfører Charles Tøsse(H) til LNK.no. Samstundes ser han at det er omstende med Stordal kommune, med 1050 innbyggjarar og ein kommunead-

Me presenterer også medlemskommunane våre på lnk.no. Stordal: liten og kjapp

LNK NYTT

startsida

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startsida.no

# Vil redde dialektane

**Når stadig fleire ser ut til å miste dialekten sin og ungane i Setesdal snakkar noko som i beste fall kan seiast å vere ein slags sørlandsdialekt, då er det på tide å gjere noko, meiner Mållaga på Agder.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

– Her på Bygland, kor eg bur, har ungane nesten ingen dialekt lenge, seier Åslaug Haugå. Ho er ein av initiativtakarane til prosjektet *Golli åkkås – Språk og identitet i barnehagane i Setesdal*. Prosjektet kom til nettopp fordi folk rundt om i kommunane opplevde at dialektane vart meir og meir utviska til fordel for bokmål eller ein meir unansert sørlandsdialekt. Det er ikkje like alvorleg i alle kommunane i Setesdal, seier Haugå, men alle kommunane opplever det same problemet i større og mindre grad.

–Vi må gjere noko før det er for seint.

## BEGYNNER MED DEI SMÅ

Med pengar frå Setesdal regionråd vart det derfor utarbeidd eit forprosjekt i 2011 som kartla status og skisserte rammene for eit hovudprosjekt som altså fekk namnet *Golli åkkås*. Prosjektet har som føremål å styrke den språklege identiteten i regionen, og det skal femne om dei fire Setesdal-kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle.

Golli åkkås rettar seg i første rekkje inn mot barnehagane.

–Vi må begynne i barnehagane. Det er der språket blir danna, og ein treff mange barn på ein gong via barnehagane. Så håper vi at



DØYR UT: Mållaga i Setesdal-regionen er bekymra for at lokale dialektar flatar ut og forsvinn. No vil dei starte språkarbeid i barnehagane gjennom prosjektet *Golli åkkås – Språk og identitet i barnehagane i Setesdal*.

(Illustrasjonsfoto: Pirion.no)

prosjektet og tiltaka også kan få overføringsverdi til skulen etter kvart.

## SJÅ SAMANHENGANE

Prosjektet skal likevel ikkje berre handle om språk, men vel så mykje om kultur og identitet og det desse omgrepa tyder for kvarandre. Sjølv om Setesdal er ein region kor kulturarven står relativt sterkt, er det også her nødvendig å peike på samanhengane mellom språk og identitet.

–Vi har mange flinke kulturberarar i kommunane i dag, men folk flest er dessverre ikkje like medvitne som desse om kor viktig språket vårt er, seier Haugå.

Kva prosjektet skal innebere reint praktisk, er ikkje bestemt enno. Forprosjektet skisserer moglege tiltak overfor barneagetilsette, foreldre og barn, men aller helst vil prosjektgruppa ha ein prosjektleiar som kan jobbe dette ut. Målet no er derfor å få tilsett ein person i ein full stilling som kan få på plass dei ulike tiltaka og samarbeide med kommunane om å setje dei ut i livet. For å få dette til har Mållaga på Agder søkt om prosjektmidlar og støtte til prosjektleiarstillinga frå departement, kommunane og organisasjonar. Det treårige prosjektet har ei kostnadsramme på om lag 2,7 millionar kroner, og det er Mållaga på Agder, Setesdal regionråd og dei fire kommunane som skal eige og drive prosjektet.

## OLLI ÅKKÅS – SPRÅK OG IDENTITET I BARNEHAGANE I SETESDAL:

Eit treårig prosjekt som skal styrke språk, kultur og identitet  
Skal gå i kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle  
Kostnadsramme: 2,7 millionar kroner

Etter initiativ frå Mållaga på Agder  
Skal drivast av Mållaga på Agder, Setesdal regionråd og kommunane Golli åkkås er eit uttrykk frå Setesdal og er eit kjælenamn foreldre bruker om barna sine.

# Tek i bruk nynorsk

**No skal norskopplæringa for innvandrarar i Valle kommune vere på nynorsk.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Som i mange andre nynorskkommunar har vaksenopplæringa i Valle brukt bokmålsmateriell i norskopplæringa for innvandrarar. Men i fjor bestemte kommunen seg for å gå over til å bruke nynorsk, då omfanget av nynorske læremiddel har blitt monaleg betre.

## BLIR VERANDE

Tidlegare hadde dessutan Valle fleire flyktningar i kommunen som flytta vekk etter relativt kort tid. Desse skulle gjerne vidare til større plassar og var ofte best tente med å lære bokmål.

–No har vi flyktningar frå Burma som blir buande her over tid. Dei har ungar som går i skulen og lærer nynorsk, og for dei vaksne er det viktig å lære den same målforma som barna sine, seier ordfører Tarald Myrum (Sp). Mållaget i Valle har lenge vore ein pådrivar for at kommunen skulle nytte nynorsk i vaksenopplæringa. No har også dei vaksne innvandrarane sjølve bede om å få opplæring på nynorsk.

## VIL HA NYNORSK

Flavia J. Homme frå Burma har budd i Valle i seks år. Norsk er ikkje det enklare å lære, meiner ho, men ho vil at kommunen skal begynne med vaksenopplæring på nynorsk.

–Eg meiner bokmål er enklare å lære enn nynorsk. Men det er viktig i ein kommune som har nynorsk som administrasjonsmål og skulemål, at også vaksne får opplæring i nynorsk, seier Flavia J. Homme.

## LITE PROGRAMVARE

Men alle språklege utfordringar er ikkje løyst berre med dette, medgjev ordfører Myrum. I haust tok kommunen lesebrett i bruk i heile småskulen. –Det har vore vellukka å bruke iPad i skulen, men vi slit med at svært lite av programvara finst på nynorsk.

Også kommunestyret bruker lesebrett, og heller ikkje for dei vaksne er det mykje nynorsk programvare å finne.

–Litt humoristisk kan vi seie at for oss er det nesten betre å bruke engelsk enn bokmål, men det er uansett ikkje bra at det finst så lite på nynorsk, seier Valle-ordføreren.

Rosenkrantz gate 8  
N- 0159 Oslo  
+ 47 23 21 41 00  
bookingoffice@bondeheimen.com  
www.bondeheimen.no

BEST WESTERN  
**BONDEHEIMEN**  
*Sidan 1913*

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden  
- Med LNK kortet får du alltid beste pris hos oss

# Har filial i Oslo

Costume.no sine lesarar kunne nyleg lese om Hasla sin nye smykkekolleksjon, laga i sølv og ametyst. Opphavet til Hasla-smykka er ei familiebedrift i Valle med filial i Oslo.

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Bedrifta Hasla ligg i hjartet av Setesdal, eller Sølvmeddalen som han og vert kalla.

– Bedrifta vår er bygd på og utvikla i sølvmedtradisjonen. I dag lagar vi smykke i meir moderne design, med bakgrunn i tradisjonen, men med eit formspråk som er nyskapande, seier Grete Fossen. Ho er dagleg leiar i Hasla og har vore med ganske frå starten.

## STARTA MED ÉIN

Det heile begynte i 1984, då mannen til Grete starta sitt eige enkelmannsforetak. Ørnulf Hasla er utdanna gullsmed og byrja i det små med å lage bunadsølv. Sjølv er Grete utdanna sjukepleiar, men etter kvart vart ho meir og meir involvert i sølvsmia.

– Eg har ikkje vore mykje involvert i produksjonen, men har teke meg av det administrative. Vi har vakse jamt i åra som har gått, og har no 15 tilsette i bedrifta. Då er også behovet for administrativ leing blitt større.

## EIN LUKSUS

Veksten har vore kjærkomen, men dei har alltid hatt ei mening om at veksten skulle vere forsiktig og i ein takt som dei kunne halde tritt med når det gjeld kapasitet og arbeidskraft.



**GULL OG SØLV:** I snart tretti år har familiebedrifta Hasla jobba med å balde gull- og sølvmedtradisjonen i heid. Smykka dei lagar, har utspring i tradisjonen, men designen er moderne, seier dagleg leiar Grete Fossen. (Foto: Hasla.no)

Tilgangen på arbeidskraft har for så vidt ikkje vore eit problem.

– Det er ikkje så mange bedrifter som vår i landet, så for oss har det vore ein rein luksus å kunne rekruttere dei gullsmedane vi ønsker oss. Vi tek også inn lærlingar frå heile landet. Gullsmedane våre er for det meste frå regionen. Vi har og ein sølvsmed som jobbar frå sin eigen verkstad i Mandal.

Gode ambassadørar  
Verkstden og utsalet til Hasla ligg i Valle. Her er 12 tilsette, og her blir alle smykka produserte. I tillegg til eigenproduserte varer sel dei og produkt frå andre tilverkarar. Anne Hasla, dottera til

Grete og Ørnulf, designar smykka deira og har basen sin i Oslo. Den andre dottera, Gunnhild, driv butikken som dei opna i Oslo i 2008. I Oslo-butikken har dei to tilsette i tillegg til dagleg leiar.

Fordelen med å ha ein butikk i Oslo er at det er lettare å gjere seg synlege, seier Fossen. Her kan stylistar kome innom og låne smykke, her er dei tilgjengelege for media, og her har dei tett kontakt med PR-byrået sitt.

– Smykka våre er blitt brukte på TV2. Tuva Syvertsen i Valkyrien Allstars er smykkeambassadør for oss, det same gjeld gruppa Fjellfolk, som vann delfinalen i

Melodi Grand Prix, fortel ein stolt dagleg leiar.

## POSITIVT MED NYNORSK

Dette hadde det ikkje vore mogeleg å få til berre med base i Valle, meiner ho.

– Vi har i alle år fått god hjelp frå kommunen her, frå Setesdal regionråd og frå Innovasjon Noreg, og det har vore bra. Men med tanke på marknadsføring og det å vere tilgjengelege for stylistar og PR-byrået, så er det viktig for oss å vere i Oslo også.

Men røtene deira er godt festa i setesdalstradisjonen, noko som også kjem til syne gjennom språket. Hasla bruker nynorsk i



(Foto: Setedal; Noreg tett på, Anders Martinsen Fotografer)

marknadsføringa si, og det har i følge Fossen vore heilt sjølvsgatt frå første dag. I heimeregionen blir det lagt merke til og sett pris på, og Hasla fekk Valle mållag sin målbloom i 2012 som påskjonning.

Men nynorsken blir kanskje ikkje sett like stor pris på i hovudstaden?

– Tvert imot, seier Grete Fossen. – Vi har fått litt merksemd for at vi marknadsfører oss på nynorsk, og det har berre vore positivt.

# Medlemsauke i Norsk Målungdom

Norsk Målungdom melder om ein medlemsvekst på meir enn 25 prosent frå 2011 til 2012.

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Målungdommen passerte 1 000 betalende medlemmer i 2012, og det er ein milepåle for organisasjonen, seier leiar Vebjørn Sture.

– Det byrjar å bli nokre år sidan me låg stabilt på dette nivået, men no er me stolte over å vera tilbake dit – og me skal veksa vidare.

– Målsaka er bokstaveleg tala i vinden for tida. Me har møtt mykje motvind frå utdanningsstyresmaktene i spørsmålet om kva rolle sidemålsopplæringa skal spela i norskfaget, men me har sanneleg også mykje medvind frå vevande aktivistar og nyinnmelde medlemmer, seier Sture vidare.

Forebelse tal frå Noregs Målungdom viser at dei hadde 1012 medlemmer ved utgangen av



**MEDVIND:** Leiar i Norsk Målungdom, Vebjørn Sture, opplever medvind frå vevande aktivistar og nyinnmelde. (Foto: Odin H. Omdal)

2012, men tala er ikkje endeleg stadfesta av revisor enno.

Også moderorganisasjonen Noregs Mållag hadde eit svært godt år i 2012. Laget opplevde ein eventyrlig medlemsauke første halvdel av 2012 og kunne glede seg over heile 1 700 nye medlemmer frå nyttår til mars 2012.



Terje Lyngstad  
Teatersjef Sogn og Fjordane Teater

## TEATER

### KUNST IS KING

Cash is king, heiter det. Eg har alltid fått høyre at kapitalisme, børs og næringsliv står for dei harde verdiane, det som betyr noko. Kunst og kultur, som sjeldan skaper overskot, må versågod finne seg i å representere dei mjuke verdiane, det svake og blaute, lite einsarta og mindreverdige. Det harde derimot, er sterkt og urokkeleg, logisk og dominerande. Kva om det berre er ein myte at det er slik?

«Om hundrede aar er alting glemt», sa Knut Hamsun for godt over hundre år sidan. I år er det 154 år sidan den store forfattern vart fødd. Han er ikkje gløynd, men han hadde stort sett rett. Eg tek neppe feil om eg hevdar at svært få av LNK-avisa sine lesarar har høyr om Erik Grant Lea, bergensaren som ein gang var den rikaste skipsreiarer i verda.

**ERIK GRANT LEA VAR FØDD I 1892.** I sine velmaktsdagar eigde han ti reiarlag, ein bank og tre forsikringsselskap. Skipa hans sigla på alle verdsdeler og han hadde over 500 forsikringsagentar i tre verdsdelar. I 1917 teikna agentane hans heile 60 000 brannpolisar, dei trygda heile fiskeflåten i Ålesund og etter kvart størstparten av den norske fiskeflåten. Lea gifta seg attpåtil med ei kvinne som ifølge myten var ei indisk prinsesse, noko som var langt frå sanninga. Ho kom frå ein velstående familie i Bangalore. Ekteparet budde i Lea Hall utanfor Bergen, i bygningar og parkområde som både den gongen og i dag minner mest om ein kongeleg residens.

I 1921 gjekk Erik Grant Lea konkurs. Mann og kone flytta til Gjøllanger i Fjaler, til ein liten eigedom som kreditorane let han ha i fred. Der dreiv Lea sagbruk, mølle, butikk, dampskipskai, kalkbrenneri og eige kraftverk. Han bygde kapell og laksetrapp og dreiv med omfattande skogplanting. Ved sidan av arbeidet var Lea interessert i litteratur, og han pleidde omgang med dikteren Jakob Sande.

Jakob Sande var fødd i 1906, men i motsetnad til Erik Grant Lea er han ikkje gløynd, over hundre år etter at han vart fødd. Ein mann består, ein annan forgår. Dei harde verdiane forsvinn, dei mjuke vinn. Så er dei kanskje ikkje så harde likevel då, pengane.

**FINANSKRISA ER I FERD MED** å nå oss òg, til slutt. Det skal godt gjerast å gløyme henne sånn heilt med det same, særleg sidan ho har vart ei stund no. Men tenk etter, det er verre å hugse det som hende for berre nokre få år sidan. Hugsar du t.d. det amerikanske firmaet Enron? Selskapet som gjekk konkurs i 2001 etter at det vart avdekt ein gigantisk institusjonalisert, systematisk og kreativt planlagt rekneskapssvindel. Etter konkursen vart Enron symbolet på svindel og korrupsjon i næringslivet, eit symbol som truleg vil ta same vegen som bankkrisa i Noreg mellom 1987 og 1992; direkte inn i gløymeboka.

I september i 2008 gjekk to av dei største investeringsbankane i USA, Lehman Brothers og Merrill Lynch, konkurs. Samstundes fekk det største forsikringsselskapet i verda, American Investment Group (AIG), kunstig andedrett frå amerikanske styresmakter verdt 40 milliardar dollar. Lehman Brothers vart etablert i 1850 av Henry, Emanuel og Mayer Lehman. Merrill Lynch vart etablert i 1914 av Charles Merrill. AIG vart etablert i 1919 av Cornelius Vander Starr. Kven har høyr om desse mannfolka i dag? Kven hugsar desse selskapa om ti år? Kven i all verda vil sakne dei neste år?

**KANSJKE ER DET KUNST OG KULTUR** som representerer dei harde verdiane, dei som står til Dovre fell. Kulturen, som er boren oppe av språk, litteratur, biletkunst, musikk og teater, toler dei verste angrepa frå alle slags regime til alle tider. Kunsten går ikkje konkurs. William Shakespeare vart fødd i 1564, Henrik Ibsen i 1828. Dei lever framleis, i beste velgåande, på scener over heile verda.

# Kultur, språk og litteratur

for deg som jobbar med barn

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlalar av språk, kultur og identitet?

**Pirion.no**  
- kulturavis for barnehagar og skular

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

www.pirion.no

facebook/pirion

@avisapirion

omtanke  
solidaritet  
samhold

Velkommen som medlem.

Send Fagforbundet medlem

til 1980

FAGFORBUNDET



# Landet rundt med språkstafett

**Språkstafetten til Noregs Mållag starta med at alle tilsette i kommunale bygg i Ørsta og Volda song Millom bakkar og berg, høgt, saman og samstundes.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Nynorskstafetten er Noregs Mållag si markering av språkåret, og planen er å besøke 140 stader fordelt på alle fylka i landet. Arrangementa i Ørsta og Volda måndag 28. januar markerte avsparket, og dagen vart fylt med mellom anna besøk i barnehage, kunnskapstevling, nedlegging av blommar på statuane av Ivar Aasen og Anders Hovden, flaggheising og fyrverkeri.



Borna samlar seg rundt Ivar Aasen-statuene i Ørsta under opninga av Nynorskstafetten.

(Foto: Noregs Mållag)

**MANGE SKAL VERE MED**  
Denne første dagen er det leiar i Noregs Mållag, Håvard B.

Øvregård, som får æra av å opne stafetten, men i løpet av året skal fleire få vere med. Tilsette

og tillitsvalde i mållaget skal saman med representantar frå Målungdommen skifte på å reise

rundt i heile Noreg og vere med på barnehagebesøk, skulebesøk, kulturkveldar, standar, møte med ordførarar, dialektkafeer, skiløp, quizar og næringslivsbesøk. På heimesida til stafetten kan folk følge med på reiseruta og sjå kva tid han kjem til kommunen deira.

## FEIRAR SPRÅKET

Dei lokale mållaga rundt om i landet skal organisere eit opplegg på kvar plass, og stafetten blir avslutta i Bygland på Agder 19. oktober. – Ivar Aasen skapte nynorsk ved å reise heile Noreg rundt for å samle inn norske ord og dialektar. I språkåret lagar mållag landet rundt ein nasjonal stafett for å feire det norske språket vi kan takke Ivar Aasen for. Nynorskstafetten er eit stort lyft for Noregs Mållag, og vi gler oss til å turnere over heile landet, seier Håvard B. Øvregård.

# Unge festspeldikttrar

**Forfattarane Lars Petter Sveen, Guri Sørungård Botheim og Sigrid Sørungård Botheim blir festspeldikttrar på Dei nynorske festspela i 2013.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Språkåret 2013 set også sitt preg på programmet på festspela og er ein av grunnane til at festivalen i år gjer ei endring i festspeldiktrolla. Dei nynorske festspela går av stabelen i Ivar Aasen-tunet og andre stadar i Ørsta og Volda 27.–30. juni.

## ENDRA TRADISJONEN

Kjartan Fløgstad sette i fjor lys på kor godt det gror blant unge nynorske forfattarar, noko som endra tradisjonen med ein festspeldikttrar.

– I år vil difor publikum oppleve tre unge forfattarar, mellom anna i møte med Kjartan Fløgstad, som var den første festspeldiktteren i 1994, seier



**UNGE DIKTARAR:** Programansvarleg Karine Munch (t.b.) og Kjartan Fløgstad (t.v.) er nøgde med valet av årets festspeldikttrar Sigrid Sørungård Botheim, Guri Sørungård Botheim og Lars Petter Sveen. (Foto: Ivar Aasen-tunet)

programansvarleg Karine Munch i ei pressemelding.

Sveen og søstrene Sørungård Botheim har merkt seg ut i det litterære landskapet med tydelege stemmer. Lars Petter Sveen er fødd i 1981 og er opphavleg frå Fræna. Han fekk Tarjei Vesaas' debutantstipend,

Aschehougs debutantstipend og Sunnmørsprisen for debutantromanen Køyre frå Fræna (2008). I 2011 kom romanen Eg kjem tilbake.

## GRENSELAUST

Søskenparet Guri Sørungård Botheim og Sigrid Sørungård

Botheim er frå Lesja. Dei debuterte saman med den leikande romanen Ramstein pensionat i 2009. I 2011 gav dei ut boka Søsken saman med søstrene Kjersti Rognes Solbu og Ingrid Rognes Solbu. Temaet for festspela dette året er «grenselaut».

– Dette temaet gjev rom for nye og annleis programpostar,

utøvarar og arenaer. Festspela blir grenseoverskridande både i høve sjanger og landegrensar, men er sjølvstendig likevel solid forankra i den nynorske skriftkulturen, seier dagleg leiar i Ivar Aasen-tunet, Gaute Øvereng.

Sunnhordland  
MEDIETILBYR

sunnhordland.no/jobb



Ledige stillingar i ditt nærrområde

- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktleg
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på **Ledig stilling** i toppmenyen





Meir om grøn rente på  
[www.kommunalbanken.no](http://www.kommunalbanken.no)

KBN Kommunalbanken  
Norge

[www.kommunalbanken.no](http://www.kommunalbanken.no)

Returadresse:  
LNK-avisa  
v/ Norsk Plan,  
Sandsvegen 134,  
4230 SAND



aktuelt: Geir Netland

# I dialog med samtida



(Foto: Nynorsk Kultursentrum)

**Namn:** Geir Netland

**Aktuell:** Byrjar i stillinga som dagleg leiar ved Hauge-senteret i Ulvik 1.mars

**Geir Netland håpar Hauge-senteret blir både levande og dynamisk.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Korleis blir det med nye utfordringar på Hauge-senteret?

– Eg gler meg veldig til å opne senteret i 2014. Det er veldig spennande å få byggje opp senteret frå starten av.

– *Kvifor akkurat Olav H. Hauge?*

– Olav H. Hauge er ein forfattar som har ein stor plass i hjarta til mange, meg sjølv inkludert. Han formidlar kvar dagen, naturen og dei store spørsmåla i livet med stor visdom og presisjon. Hauge sitt blikk for dei nære tinga rundt oss har gjort han til ein universell poet av internasjonalt format.

– *Kva visjonar har du for senteret?*

– Hauge-senteret skal bli eit nasjonalt og internasjonalt lyrikk-senter. Vi skal vere i dialog med samtida og drive nyskapinge og spanande formidling som også kan vere interessant for barn og unge. Det er viktig at komande generasjonar også oppdagar Hauge og nynorsk språkkrikdom.

– *Du har filmbakgrunn. Kva er det med filmen som medium som fasinere deg slik?*

– Filmen kommuniserar med oss alle fordi film er den kunstforma som sterkast formidlar kjensler. Kombinasjonen av bilete, ord, lyd og musikk gjer at filmen rører så sterkt. Mi første grensesprengande filmoppleving var Tarkovskijs *Solaris*. Sidan var eg med og starta filmklubb på Bryne og har vore så heldig å få jobbe med film som kinosjef og seinare produsent i over 30 år.

– *Korleis trur du filmbakgrunnen kjem til nytte i arbeidet med Hauge-senteret?*

– Hauge-senteret skal formidle, engasjere, underhalde og skape ettertanke. Film og audiovisuell formidling kan inkludere fleire uttrykksformer og kan overraske og kommunisere med mange. Spesielt blir dette viktig for å skape interesse og engasjement hjå barn og unge.

– *Det er ikkje så lang avstand mellom litteratur og film, eller?*

– Den gode litteraturen og lyrikken skapar bilete, kjensler og ettertanke. Men når vi les,

er vi vår eigen regissør, noko som kan opne opp for nye opplevingar og «reiser» som ikkje filmen kan formidle.

– *Du har produsert mange filmar, kva for ein hugsar du best?*

– Dokumentaren *Veien til Diyarbekir*. Der fekk eg jobbe med to flotte menneske og store kunstnarar, den kurdiske musikaren Ciwan Haco og filmregissør Zaradasht Ahmed. Filmen blei nominert til Prix Europa for beste fjernsynsdokumentar og betydde mykje for mange – spesielt kurdarar, både i dei nordiske landa og i Europa.

– *Kjem du til å sakne filmen og jobben i Phantomfilm?*

– Ja, eg kjem til å sakne mange dyktige filmfolk og filmmiljøet.

– *Kona di, Vigdis Nielsen, har laga dokumentar om Hauge – er Hauge ei felles interesse?*

– Ja, vi har noko felles der også. Eg òg blei godt kjent med Hauge sitt liv gjennom dei 3 åra ho jobba med filmen.

– *Korleis håpar du Hauge-senteret ser ut om 10 år?*

– Eit levande og dynamisk formidlingssenter som presenterer Hauge og nynorsk lyrikk på tvers av ulike uttrykksformer. Eit senter som veldig mange har besøkt og høyrte om, og som har ført til at ei rekkje menneske frå inn- og utland har oppdaga Hauge og den fantastiske vakre naturen i Hardanger.

– *Du har også prosjektansvar i samband med Spellemannprisen 2012. Korleis er det?*

– Utruleg stas å ha medverka til at Spellemannprisen kjem til Stavanger og det fantastiske flotte nye konserthuset i byen. På sikt er målsettinga at Spellemannprisen skal styrke musikklivet i regionen og støtte Stavanger i arbeidet med å bli den fremste musikkbyen i Noreg.



Janne Nygård (1989) er student, redaksjonssekretær i Syn og Segn og nestleiar i Noregs Mållag. Vebjørn Sture (1987) er møbelsnikkar og leiar i Norsk Målungdom. Saman debuterer dei med *Kva skal me med sidemål?*

Foto: Kjartan Helleve

## debutanten

Så lenge nynorsk og bokmål er to likestilte, nasjonale språk i Noreg, har vi eit ansvar for å leggje til rette for at ein kan bruke desse språka overalt, ikkje berre når ein skriv private handlelister.

Samlaget 2013

## PRIS FOR GOD SPRÅKBRUK

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) gjev annakvart år ein pris for god språkbruk til ei offentleg verksemd, ei bedrift eller ein einskildperson som har fremja nynorsk språk og kultur.

Prisen skal delast ut i samband med landstinget på Voss 23. – 25. april 2013.

Tidlegare har Sogndal Fotball, Ullensvang herad, Fylkesmannen i Rogaland, Vågå reiselivslag, Sogn og Fjordane Idrettskrins, Fjell kommune, Sunnhordland Interkommunale Miljøverk, Arne Brimi, Lotteriilsynet, Odd Nordstoga, Per Gynt-stemnet og Hordaland Teater fått prisen.

Dersom du veit om nokon som fortener prisen, send forslaget ditt med grunngeving til:

LNK, Postboks 7044, St. Olavs plass, 0130 Oslo

eller: post@LNK.no

Frist for innsending av forslag:

25. februar 2013



startside /

Klikk deg  
til meir  
nynorsk!

www.startside.no